



Hå kommune
Rådhusgata 8
4360 VARHAUG

Kontakt saksbehandlar

Rune Lian, 51568754

Høyringsvar offentleg ettersyn kommuneplan for Hå 2023-2036

Vi viser til oversending frå kommunen datert 20.12.2022.

Hå kommune har revidert samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplanen for 2023-2036.

Det er gjort fleire gode utgreiingar i samband med utarbeidinga av kommuneplanen. Kommunen har i samfunnsdelen valt ut sju satsingsområde, alle med utgangspunkt i FN sine berekraftsmål. Kommunen har m.a. eit tydeleg ønskje om å ta i vare jordbruksareala og redusere tap av naturmangfald. Ut i frå arealdelen kan det likevel sjå ut til at ønskje om å både legge til rette for næringsverksemd og masseuttak kjem i konflikt med målsettingar i samfunnsdelen. Fleire arealinnspeil vil ha klar negativ konsekvens for jordvern og naturmangfald.

Statsforvaltaren kan ikkje sjå at det er utarbeida eit eige dokument som kan kallast ei planskildring. Det er eit av lovkrava til ein kommuneplan jf. plan- og bygningslova § 11-5, andre ledd. Statsforvaltaren må ta atterhald for vår uttale då det grunna mangel på planskildring er vanskeleg å følgje dei prosessane som har resultert i det endelege høyringsforslaget.

Statsforvaltaren har motsegn til ti arealendringar og ni føresegner der forslaga er i strid med viktige nasjonale og regionale omsyn, medan nokre forslag får innspel i form av faglege råd eller meir teknisk/juridisk rettleiing for å styrke kommuneplanen som eit styringsverktøy.

Kommunen har revidert samfunnsdelen og arealdelen for kommuneplanen 2023-2036. Kommuneplanen blei sendt ut på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn 20.12.2022 med høyringsfrist 12.02.2023. Statsforvaltaren har fått utsett høyringsfrist til 16.02.2023.

Kommunen har nytta fleire kanalar for medverknad undervegs i planprosessen, og i samband med høyringa. Dokumenta er greitt tilgjengeleg på kommunen sine heimesider og har generelt ei god framstilling. Grunnlagsdokumenta for revisjonen ligg også tilgjengeleg på kommunen sine heimesider med direkte link til eiga innsynsløysing. Vi meiner likevel at det er vesentlege utfordringar med



måten kommunen har valt å sikre medverknad på ved høyring og offentleg ettersyn. Den største mangelen er at det ikkje er utarbeida eit eige dokument som kan kallast ei planskildring. Dokumentet «Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse» inneheld ni sider som ei omtale av samla verknader av arealendringane, men lite informasjon om korleis kommunen har kome fram til sitt endelege planforslag. Vi vil her vise til omtale av planskildring i rettleiaren til kommuneplanen sin arealdel frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (no Kommunal- og distriktsdepartementet, KDD):

«Kommuneplanen skal ha en planbeskrivelse som beskriver planens formål, hovedinnhold og virkninger, jf. plan- og bygningsloven § 4-2. Den skal angi hvilke vurderinger som har ført fram til den foreslåtte planen, og hvilke rammebetingelser planen bygger på. Den skal foreligge sammen med dokumentasjon av uttalelser og saksframstilling fram til og med endelig vedtak.»

Den oppsummerande verknaden ei planskildring har er derfor ikkje til stades i kommuneplanen no, og gjer det krevjande å sikre ein god medverknad. Sjølv om offentlege instansar som regel har ressursar til å sette seg inn i grunnlagsdokumenta til ein kommuneplan, vil dette vere krevjande for privat-personar, lag og organisasjonar som ikkje har planlegging som sitt primære arbeid.

Statsforvaltaren må og ta atterhald for vår uttale då det grunna mangel på planskildring er vanskeleg å følgje dei prosessane som har resultert i det endelege høyringsforslaget.

Vi vil i det følgjande uttale oss til dei einskilde delane av kommuneplanen med samfunnsdel, arealdel med kart og føresegner ut i frå våre sektorinteresser. Til slutt kjem ei juridisk gjennomgang av føresegner.

Samfunnsdelen

Kommunen har valt ut sju satsingsområde som tek utgangspunkt i FN sine berekraftsmål. Satsingsområda er «Me løfter i lag» (berekraftsmål 17), «Berekraftig matproduksjon» (berekraftsmål 2), «God helse» (berekraftsmål 3), «God utdanning» (berekraftsmål 4), «Innovasjon, infrastruktur og næringsutvikling» (berekraftsmål 9), «Berekraftige stasjonsbyar og tettstader (berekraftsmål 11) og «Handling mot klimaendringar» (berekraftsmål 13).

Til kvar av dei sju satsingsområda har kommunen knytt hovudmål, delmål og strategiar.

Naturmangfald

I samfunnsdelen er det lagt vekt på at samfunnet skal tilpassa seg klimaendringar, samstundes som utslepp av klimagassar skal bli redusert. Det blir også lagt stor vekt på Hå sin rolle som landbrukskommune, der kommunen har eit bevisst forhold til jordvern og berekraftig landbruk. Det er derimot ikkje eit uttalt fokus frå kommunen si side å ta vare på naturmangfaldet. I det Internasjonale Naturpanelet (IPBES) si rapport frå 2019 visar dei til ei 300 % auke i matproduksjon sidan 1970, og ei 3 % auke i omdisponering av område til jordbruk frå naturleg skog mellom 1992 og 2015. Når det gjeld myr og våtmark er tala enda høgare, kor tapet av våtmarker er tre gongar raskare i prosent, enn tapet av skog. Eit av hovudbodskapa i IPES si rapport er at til tross for det store mangfaldet av verdiar vi får i frå naturen, inkluderer dei fleste vedtaksprosessar berre eit smalt sett med verdiar. Det går ut over naturen, samfunnet og framtidige generasjonar. Det manglande fokuset på naturen i vedtaksprosessar er godt synleg i kommuneplan for Hå. Hå som ein landbrukskommune, har i samfunnsdelen eit satsingsområde som omhandlar «Berekraftig matproduksjon», delmåla for denne strategien er delt i tre, og delmål 2 er retta inn mot berekraftig utvikling. Delmål 2 lyd: «Hå kommune legg til rette for berekraftig forvaltning av ressursane på land og til vanns slik at økosystema vert oppretthaldne samstundes som krav til produktivitet og produksjon vert tekne i



vare». I strategiane som skal følgje opp korleis delmåla skal nås, er ikkje forvaltning av naturen på land og i vatn nemnt. Ei berekraftig utvikling er definert som ei utvikling som dekker dagens behov utan å øydelegge moglegheitene for at komande generasjonar skal få dekkja sine behov. Reduksjon av naturmang-faldet og naturareal vil ikkje bidra ein berekraftig plan. Natur og natur-mangfald er viktige leverandør av fleire økosystemtenestar, inkludert naturbaserte klimatilpassings løysingar.

Hå kommune har eit rikt og betydeleg naturmangfald. Innanfor kommunen sine grenser er det fleire område som er omfatta av vern, både av internasjonal og nasjonal status. I tillegg til dei verna områda har kommunen eit rikt artsmangfald som omfattar svært verdifull kystlynghei, myrer og våtmarksområde. Kommunen har og sårbare bestandar av elvemusling, i anadrome vassdrag, og ei lang rekke sjeldne, trua og freda arter.

I desember 2022 kom verdas leiarar saman og ble samde om ein historisk naturavtale. Avtalen har som mål å stanse og reversere naturtapet, samt å gi oss meir natur innan 2030. Hovudpunkta i avtalen inneber blant anna at 30 % av all natur på land, og 30 % av alle verdas hav, innsjøar og elver skal vernast innan 2030. Denne globale avtalen får ikkje berre implikasjonar på forvaltning av naturressursar internasjonalt og nasjonalt, men legg også føringar for korleis naturmangfaldet skal og bør vektleggast i samfunnet elles.

Hå kommune må ha eit meir bevisst forhold til naturen dei forvaltar, og utvide samfunnsdelen til i større grad å omfatte strategiar for å beskytte naturverdiar. Skal ein landbrukskommune som Hå kunne skilte med ein berekraftig plan, må utviklinga skje i tråd med deira delmål 2, og det må sikrast gjennom strategiar for korleis naturen og naturmangfald blir ivaretatt også for framtidige generasjonar.

Samfunnstryggleik

I samfunnsdelen skal kommunen kartlegge langsiktige utfordringar knytt til samfunnstryggleik, og fastlegge mål og strategiar for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik jf. Plan- og bygningslova (pbl) § 11-2. Fastsetjing av mål og strategiar skal baserast på funn frå heilskapleg ROS-analyse og plan for oppfølging, jf. rundskriv H-5/18 . Gjeldande heilskaplege ROS-analyse for Hå er frå 2017 og vi har fått vite at denne er blitt revidert i 2021, men ikkje vedteken enno. Kommunen sin heilskaplege analyse frå 2017 er god, men vi saknar ei betre kopling til samfunnsdelen. I analysen står det at samfunnsdelen vil gi retningsliner for korleis prioriterte tema innan samfunnstryggleik skal følgjast opp i ulike sektorar og fagområde. Strategiane vi finn i samfunnsdelen no er svært generelle og kan vanskeleg bidra til å gi retning eller føring for arbeidet med å skape eit tryggare samfunn. Vi tilrår difor at samfunnstrygg-leik blir via meir plass, og at den oppdaterte heilskaplege ROS-analysen blir følgt opp i denne kommuneplanen.

Landbruk og «Berekraftig matproduksjon»

Kommunen ønskjer å ha ein berekraftig matproduksjon som skal sikre mattryggleiken utan å kome i konflikt med økosystema. Landbruksnæringa og næringsmiddelindustrien skal vere aktiv, innovativ og teknologiretta.

Hå kommune er blant dei største og viktigaste jordbrukskommunane i Noreg. Val av satsings-området *Berekraftig matproduksjon* knytt til berekraftsmål 2 om å utrydde svolt er derfor eit godt val for ein kommune som ser verdien av jordbruket sitt, og ønskjer å styrke næringa sine rammevilkår.

Hå kommune har ein betydeleg del av den grovfôr-baserte husdyrproduksjonen i landet, i tillegg til den kraftfôr-baserte. For å oppretthalde mattryggleik og effektiv matproduksjon, er det avgjerande at arealressursane blir teke i vare. Jordbruksareal er ein avgrensa ressurs og den beste jorda er



allereie dyrka opp, og areal egna for nydyrking har ofte betydelege naturverdiar knytt til seg. Nedbygging av jordbruksareal kan derfor vanskeleg kompenseras med nydyrking utan konflikt med føresetnaden for eit berekraftig jordbruk, eit robust økosystem. Denne samanhengen har kommunen sett og den er forankra i delmåla.

Strategiane for å nå delmåla er gode, men vi trur kommunen med fordel kunne gitt tydeligare signal til arealforvaltninga i kommunen. Landbruket står sjølv for ein stor del av nedbygginga av jordbruksareal. Det er derfor bra at kommunen har som ein strategi å redusere landbruket si eiga nedbygging. Det finst eit stort potensiale i å rive eller renovere eldre bygg, og det å få meir effektiv arealutnytting i tuna. Det er likevel utbygging til samferdsel, bustad og næring som gir mest tap av jordbruksareal. Kommunen er planmynde og kan i stor grad styre kvar utbygging skal skje. Kommunen sjølv er den viktigaste aktøren til å ta vare på matjord. Vi saknar derfor at kommunen set jordvern som ein meir generell strategi for satsingsområdet. Vi kan i denne samanhengen heller ikkje sjå at kommunen har nokon strategi for bevaring av naturverdiar i samband med berekraftig matproduksjon. Når det er sagt er kommunen ein viktig innkjøpar og har ein betydeleg moglegheit for å positivt påverke neste generasjon i ei berekraftig ressursforvaltning. Strategi 2, 3 og 4 er derfor viktige.

Når det gjeld lokal matproduksjon og foredling, har kommunen eit stort potensiale for kor landbruket sjølv kan hente ut ein større del av verdiskapinga gjennom lokal foredling. Slike suksessbedrifter begynner å vokse fram på Jæren og i Rogaland kor og produkta haustar nasjonale og internasjonale prisar.

«God helse»

Hå kommune var i 2022 ein av pilotkommunane i Rogaland i arbeidet med å implementera CRPD (FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne) i eiga verksemd. Dette arbeidet vil kommunen halde fram med, og det kan difor passe godt som eit nytt strategipunkt til berekraftsmålet God helse i samfunnsdelen.

Samfunnsdelen er på eit overordna nivå, og er slik sett ikkje konkret på tiltak. Når det gjeld bustad og bustadsosiale tema, er dette fråverande i samfunnsdelen. 1. juli i år kjem ei ny bustadsosial lov, som pålegg kommunane å gi vanskelegstilte individuelt tilpassa bistand. Og kommunen forventast å omtale det bustadsosiale feltet i si planstrategi, sjå *Lov om kommunenes ansvar på det bolig-sosiale feltet*, jf. § 3 og § 5. Sjølv om denne lova ikkje er trådd i kraft ennå, er det likevel ei anbefaling at kommunen forhold seg til det bustadsosiale feltet i sine planar.

Under kapittelet *Berekraftige stasjonsbyar og tettstader*, første delmål, seier kommunen: «*I Hå skal med ha berekraftige, attraktive og inkluderande bumiljø*». Dette er eit godt delmål. Samstundes er det ingen omtale av bustad eller bustadsosiale perspektiv her. Den bustadsosiale strategien «*Alle treng ein trygg heim (2021-2024)*», peiker på fire mål:

- Fleire skal kunne eige eigen bustad
- Leie skal vere eit trygt alternativ
- Sosial berekraft i bustadpolitikken
- Tydelege roller, og naudsynt kunnskap og kompetanse

Dei prioriterte gruppene er barn og unge, personar med nedsett funksjonsevne, personar utan bustad og personar med rus- og psykiatri (ROP)-utfordringar og eldre. Statsforvaltaren rår til at Hå kommune trekk inn eit bustadsosialt perspektiv i samfunnsdelen.



Hå kommune har ein temaplan – *Folkehelseplan 2015-2019*, som er ein bustadsosial handlingsplan, som blei vedtatt i oktober 2013. Denne bør oppdaterast.

I vår fråsegn til planprogram (datert 5.2.2021) ga vi positiv tilbakemelding på korleis folkehelse skulle fylgjast opp i kommuneplanarbeidet. Kommentaranane som vi hadde, vart i følgje med saksframlegget til endeleg planprogram, tatt til etterretning og skulle følgjast opp i kommuneplanen.

I planforslaget som ligg føre er det vanskeleg å sjå korleis det systematiske og langsiktige folkehelsearbeidet skal ivaretakast i planperioden. Til dømes vert det ikkje vist til kommunen sitt eige oversiktsarbeid og dei folkehelseutfordringane som ein har vald å fylgje særleg opp. Det vert berre vist generelt til dagens-, og morgondagens folkehelseutfordringar. Notatet om *God helse* som ligg ved planen syner heller ikkje til kommunen sitt eige oversiktsarbeid og kva lokale folkehelseutfordringar som skal prioriterast.

I følgje planstrategien var det identifisert spesifikke helseutfordringar og vald tre fokusområde som skal prioriterast framover; -- *Fysisk aktivitet, Sosial ulikskap og helse, og Psykisk helse og livskvalitet*. Sjølv om vi kan lese nokon av desse tema inn i enkelte satsingsområde, manglar det ein tydeleg omtale av målsettingar og korleis kommunen skal sikre koordinert og samordna innsats mot (identifiserte) faktorar som påverkar innbyggjarane si helse negativ, - og styrke dei positive faktoranane som fremjar helsa, jamfør folkehelselova §§ 5, 6 og 7. Som vi har peikt på tidlegare, må folkehelseutfordringane møtast med tverrfagleg samarbeid og innsats frå fleire relevante sektorar, - samtidig, ref. *Satsingsområde Me løfter i lag*.

Som kjent vert dei viktigaste premissa for god helse lagt utanfor helsesektoren (90/10% - regelen). Det kan vere eit godt grep å poengtere denne samanhengen når mål og strategiar skal setjast for satsingsområdet God helse. Dette poenget kan gjerne leggjast som føring i fleire av dei andre satsingsområda.

Demografiutviklinga lokalt og regionalt kan på sikt gje kommunane store utfordringar med å sikre kapasitet og kompetanse i velferdstenestene. Regjeringa har klare forventningar til kommunane om at det vert utarbeidd langsiktige planar for rekruttering og kompetansesikring. Utfordringane må handterast slik at kommunen sikrar kapasitet og kvalitet i tenestene til prioritert grupper som; - barn og unge, personar med alvorlege psykiske lidningar og rusproblem, skrøpelege eldre og personar med fleire kroniske lidningar. Etter vårt syn bør planen vere ennå klarare i føringane for korleis dette skal følgjast opp.

Vi saknar og omtale av barnevernsreforma, også kalla oppvekstreforma. I tillegg til større ansvar for barnevernsarbeidet, skal reforma styrke kommunane sitt arbeid med tidleg innsats og førebygging i heile oppvekstsektoren. Tidleg innsats, med tiltak som er godt tilpassa barna og familiarne sine behov er ei investering i innbyggjarane sin velferd og kan spare kommunen for kostbare tiltak seinare. Barnevernslova krev nå at kommunane utarbeidar ein plan for det førebyggjande arbeidet, og at kommunestyret skal vedta denne. Kommuneplanen som eit overordna styringsreiskap kan gje planen ei slik forankring.

«God utdanning»

Blant dei sju satsingsområda i kommuneplanen er God utdanning. Skule og barnehage er også nemnt i strategiar for andre satsingsområde, knytt til berekraft, fråfall frå vidaregåande opplæring, og mobbing og krenking. Statsforvaltaren finn det positivt at det er koplingar mellom satsingsområda.



Måla under satsingsområde God utdanning gjeld i stor grad trygge og inkluderande læringsmiljø. Dette er i samsvar med utfordringane i kommunen, og Statsforvaltaren forstår denne prioriteringa. Planen har også ei målsetting om barnehagar og skular med høgt fagleg nivå, men dei tilhøyrande strategiane er for diffuse til å gi ei god kopling mellom mål og strategi. Kvalitetsplanane for barnehage og skule skal, i følge planstrategien, reviderast denne perioden. Det er naturleg at både mål og strategiar utdjupast i desse, i tillegg til meir konkrete tiltak. Vi meiner likevel at også kommuneplanen må ha betre samsvar mellom mål og strategiar.

I kommuneplanen er livslang læring eit mål, noko som er viktig for å hindre utanforskap og for å sikre at arbeidsmarknaden har tilgang til rett kompetanse, men planen har ikkje strategiar for å nå dette målet.

Hå kommune har busett mange flyktningar i 2022, og kjem til å gjere det også dei neste åra. God opplæring for barn og vaksne, samt inkludering i arbeids- og samfunnsliv vil vere viktig framover. Statsforvaltaren rår kommunen til å utarbeide målsettingar og strategiar også for dette området.

«Innovasjon, infrastruktur og næringsutvikling» og «Berekraftige stasjonsbyar og tettstader»
Satsingsområda heng til dels saman og har begge betydning for ein berekraftig arealforvaltning. Arealstrategien som vi kjem tilbake til under er også viktig i denne samanhengen.

Kommunen har gjort utgreiingar for behov for bustad- og næringsareal i samband med revisjonen av kommuneplanen. Det er konkludert med at det ikkje er naudsynt med meir bustadareal då arealreserven er større enn behovet i kommuneplanperioden. Å satse på ei god utvikling av stasjonsbyane gjennom god utnytting og prinsipp om utvikling innanfrå og ut er viktig både for å ta i vare jordvern og naturverdiar. Behovet for nytt areal blir då mindre, og det reduserer også biltrafikk og aukar attraktiviteten i sentrumsområda.

Kommunen har også ein betydeleg arealreserve til næring. Dette gjeld dei fleste tettstadane og i næringsområda utanfor tettstadene. Vi kan ikkje sjå at det er gjort ei vurdering av fortettingsmoglegheita i etablerte næringsområde, som truleg er betydeleg både i Krusemarka, Kviamarka, Tjemslandsmarka, Stokkelandsmarka og Skoga-Sirevåg området.

Å legge til rette for nye større utvidingar av næringsområda, som omtala over, vil kome i konflikt med andre satsingsområde i kommunen når det gjeld berekraftig matproduksjon og det å ivareta økosystema. Ei effektivisering av eksisterande næringsområde bør vere det primære verkemiddelet i kommuneplanperioden, for å gjere at arealreserven av næringsareal strekk til lenger og kommunen unngår å legge ut nye næringsareal i konflikt med jordvern- og miljøvernomsyn.

«Handling mot klimaendringar»

I samfunnsdelen er det fleire satsingsområde som handlar om klima og det grønne skiftet, men vi saknar ei konkretisering i strategiar og arealplan som seier korleis kommunen koplar dette til naturkrisa, og legg til rette for å følge det opp. Klimarisiko bør omtalast nærare i ein kommuneplan; endra klima inneber andre samfunnsendringar som vil påverke kommunen, til dømes strammare klimapolitikk, rask teknologisk utvikling og endra preferansar hjå innbyggjarar og forbrukarar. Samla sett kan klimarisiko få stor verknad for kommuneøkonomien og kommunen sin attraktivitet for næringsliv og bebuarar.

Jamfør Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (SPR-klima) «skal kommuneplanens samfunnsdel inkludere en overordnet vurdering av om klimaendringer vil påvirke langsiktige utfordringer, mål og strategier. Vurderingen skal skille mellom forhold av betydning for



arbeidet med kommuneplanens arealdel, og forhold av betydning for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon».

Sidan Hå kommune manglar ein klima- og energiplan, er det viktig at kommuneplanen tek i vare desse tema på ein god måte. SPR-klima skal leggjast til grunn for all kommunal planlegging, og seier mellom anna at «*Planer som behandlar klima- og energispørsmål skal følges opp gjennom handlingsdelen og mer detaljerte planlegging, og legges til grunn og gi føringer for kommunenes øvrige myndighets- og virksomhetsutøvelse*» og «*kommunen skal bruke et bredt spekter av sine rolle og virkemidler i arbeidet med reduksjon av klimagassutslipp og klimatilpasning*». Dette bør komme tydeleg fram i samfunnsdelen.

Under satsingsområdet *innovasjon, infrastruktur og næringsutvikling* saknar vi andre målsetjingar enn at det skal leggjast til rette for næringsutvikling og innovasjon, til dømes delmål som handlar om samlokalisering, utnytting av eksisterande infrastruktur, transformasjon av allereie omdisponerte areal, rett stad. Strategiane viser heller ikkje til løysingar på utfordringane ved næringsutvikling i område med betydeleg arealpress.

Kommunalbanken har vurdert ulike typar klimarisiko for kommunane, og omstillingsrisiko/ finansiell risiko er eit viktig tema for næringsutvikling. Kommunalbanken har ei nettside med oversikt over klimarisiko i den enkelte kommune, mellom anna oversikt over «*klimarisiko i næringer som er viktige for Hå kommune*»: <https://klimarisiko.kbn.com/regioner/rogaland/ha/>. Med kunnskap om denne risikoen kan kommunen vere ein proaktiv partner i omstillinga av næringslivet gjennom å leggje til rette for fysisk og intellektuell infrastruktur.

Under satsingsområde *Handling mot klimaendring* bør det setjast klare mål for utsleppsreduksjonar i kommunen, og desse bør baserast på nasjonale vedtekne målsetjingar om utsleppskutt, jf. Klimaloven § 3 som seier at «*Målet skal være at klimagassutslippene i 2030 reduseres med minst 50 og opp mot 55 prosent fra utslippsnivået i referanseåret 1990*» Det er verd å merke seg at regjeringa har styrka denne målsetjinga til «*[...] minst 55 % [...]*». Hå kommune må arbeide aktivt for å bidra til å nå denne målsetjinga.

I delmåla står det at kommunen skal planleggje og innarbeide tiltak for å motverke klimaendringane. Krav til innkjøp og sirkulærøkonomi er grep som kan bety mykje for klima, og det er mykje å hente i landbruket og opp mot anna næringsliv. Det kan konkretiserast meir kva kommunen faktisk kan bidra med.

Det er ikkje nemnd eller vurdert klimagassutslepp som følgje av arealbruksendringar, på tross av at det i arealdelen blir lagt til rette for nye areal til utbygging. Både myr/våtmark, skog og landbruksjord er viktige karbonlager, og dette må gjerast tydeleg i planlegginga. Naturkrise og klimakrise er ikkje vurdert i samheng. Vi viser til omtala av «*Montreal-avtalen*» over.

Det er gledeleg at arealstrategien tek omsyn til natur i vurdeirng av omdisponering av areal, men vi saknar konkrete vurderingar av kva type areal som skal bevarast for å ta i vare naturen og dei økosystemtenestane som naturen gir.

Me saknar elles fleire av punkta som me nemnde i uttalen vår til planprogrammet, jf. Ark.. sak. 21/4204. Me nemnde mellom anna energiutnytting, klimagassutslepp frå arealendringar og omgrepet klimarisiko i vår uttale. Me kan ikkje sjå at dette er fylgt opp i særleg grad.

Økonomi



Kommunen bør få med i samfunnsdelen korleis koplinga skal vere mellom kommuneplanen og økonomiplanen. Denne koplinga er viktig for å trygge den økonomiske handleevna over tid. Økonomiplanen kan inngå eller utgjere handlingsdelen i kommuneplanen etter pbl § 11-1 fjerde ledd. Dette kan til dømes stå omtalt i del om Økonomi, som eit nytt delmål 3.

Langsiktig arealstrategi og jordvernmål

Det er utarbeida ein langsiktig arealstrategi som skal vere eit bindeledd mellom samfunnsdelen og arealdelen. Gjennom satsingsområda i samfunnsdelen skal arealdelen vere ein overordna plan for arealforvaltninga i kommunen. Arealstrategien omtalar tema «vern av jord og natur», «sentrum», «friluftsliv og grøntstruktur», «turisme og reiseliv», «miljøvennleg transport», «næring» og «råstoffutvinning». Til alle områda er det knytt styringsmål for arealforvaltninga samt kommunen sitt jordvernmål. Strategiområda får ein kortfatta omtale. Det er laga ei kartframstilling av arealstrategien.

Viktige punkt i arealstrategien er jordvernmålet, at bustadbygging skal skje i stasjonsbyane og Stokkelandsmarka, miljøvennleg transport, legge til rette for næringsutvikling i tettstadene og definisjon av næringsklyngene Kviamarka, Grødaland og Sirevåg.

Som nemnt over, og av kommunen si eiga vurdering, er det ikkje naudsynt med nye bustadareal i planperioden. Ein stor del (68 %) av bustadreserven i kommunen finst i Stokkelandsmarka, som har lik prioritering som stasjonsbyane. Vi saknar ei vurdering av korleis Stokkelandsmarka vil verke inn på gjennomføring av arealstrategien sitt mål om busetting i stasjonsbyane. Med omsyn til ei berekraftig arealutvikling med satsing på ein utvikling innanfrå og ut som, støtter opp om sentrum og miljøvennlege transport, er det ein fare for at Stokkelandsmarka kan hindre ei ønska utvikling i andre område. Den ønska utviklinga av stasjonsbyane gjer at kommunen i større grad må prioritere sentrumsområda i stasjonsbyane, framfor meir perifere deler av tettstadane og Stokkelandsmarka.

Når det gjeld næring har kommunen ein betydeleg arealreserve, sjølv utan at det er vurdert kva potensial det ligg i fortetting av dei allereie utbygde næringsområda. Vi peiker her, særleg på områda kring Sirevåg, Stokkelandsmarka, Kviamarka og Tjemslandsmarka. Ønsket om å ha nye næringsareal tilgjengeleg i kommande kommuneplanperiode kjem i direkte konflikt med kommunen sitt jordvernmål og mål om vern av natur. Vi saknar ei vurdering av fortettingspotensialet i eksisterande område, samt ei vurdering av lokalisering av næringskategori tilknytt tettstads-strukturen. Med tanke på tydelege nasjonale føringar om eit skjerpa jordvern, meiner vi at kommunen per no i liten grad sikrar ei effektiv arealutnytting av eksisterande næringsområde gjennom arealstrategien. Med grunnlag i nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging, SPR BATP og nasjonal jordvernstrategi må målet vere å fortette eksisterande næringsområde før det blir opna for utbygging av ikkje utbygde næringsareal som allereie ligg i kommuneplan. Først når dette er gjort, meiner vi at det er høve til å sjå på nye areal.

I denne samanhengen vil vi også kommentere kommunen si vurdering av arealreserve i arealrekneskapa i dei ulike delane av kommunen. Det blir til dømes for Stokkelandsmarka vist til at det er 240 dekar næringsareal som er tatt i bruk og ein reserve på 13 dekar. Ut i frå flyfoto meiner vi at reserven må vere vesentleg større enn 13 dekar når ein legg til grunn at næringsområda er tatt i bruk først når arealet er bygd ut og til næringsføremål.

Det er svært positivt at jordvernmålet er innarbeida i kommuneplanen. Vi meiner likevel det er fleire uheldige sider med jordvernmålet, i hovudsak knytt til ordlyden, og korleis kommunen har kome fram til målet.



Fastsetting av jordvernmålet er gjort gjennom ei reint matematisk øving kor det er teke utgangspunkt i kommunen sin del av jordbruksarealet i Noreg (1 %) og det nasjonale jordvernmålet på 3000 dekar. Hå kommune har ut frå dette eit jordvernmål på 30 dekar årleg. Fastsetting av jordvernmål på denne måten er lite kunnskapsbasert og tek ikkje utgangspunkt i kommunen sitt behov for areal til ulike arealføremål jf. rettleiaren «Arealplanlegging på Jærsk» til RPJSR. Det blir då også vanskeleg å oppnå hovudmålsettinga i jordvernmålet om at «*nedbygging av jordbruksareal og natur skal vere minst mogleg*».

Når det gjeld sjølve jordvernmålet er det ein god tanke å knytte jordvernmålet til LNF-føremålet, for å slik sett følgje opp føringar knytt til både jordvern og naturvern. Nasjonalt og regionalt jordvernmål er likevel knytt til jordbruksareal og til omdisponering ved reguleringsplan og ikkje ved kommuneplan. Det blir derfor krevjande for kommunen å vurdere si måloppnåing for jordvern opp mot nasjonalt og regionalt mål. Ein effekt av at jordvernmålet er knytt til LNF-areal og ikkje jordbruksareal er at den årlege nedbygginga av jordbruksareal kan vere betydeleg større enn 30 dekar dersom ein legg til grunn arealreserve og reknar kommunen «si del» av det nasjonale jordvernmålet. Konsekvensen er at kommunen sitt jordvernmål i liten grad kan nyttast som eit mål eller styringsverktøy for at Hå skal kunne bidra i det nasjonale og regionale jordvernmålet.

Arealdelen

Samfunnstryggleik

Risiko- og sårbarheitsanalyse

Vi ser at det er ein gjennomgåande metodisk feil i risiko- og sårbarheitsanalysen: I dokumentet «Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse» kjem det fram (s. 8) at:

«Det er arealendringar på område utsett for flaum eller ligg i middels fare for marin leire. Desse vert vurdert å ha middels risiko. I slike høve vil krav i føresegnene sikra at naudsynte undersøkingar, utgreiingar og tiltak vert gjennomførte for å ta omsyn til samfunnstryggleiken.»

Det er ikkje tilstrekkeleg å gjere ei felles vurdering for alle områda med flaumfare og fare for kvikkleire. Kommunen skal til kvart utbyggingsområde gjere ei overordna vurdering av om området er eigna for utbygging. Denne kan baserast på informasjonen kommunen allereie har. Vurderinga gjeld både konsekvensar for området som skal byggjast ut, og konsekvensar av utbygginga for områda rundt eller nedstrøms/ oppstrøms. Kommunen har her altså berre gjort ei risikoidentifisering, ikkje ei analyse av områda.

Byggeområde som ligg i aktsemdssoner skal markerast som «uakseptabel risiko» (raud farge i analysen) og analyserast. Om kommunen likevel vel å leggje ut eit byggeområde i aktsemdsona, skal det kome tydeleg fram i konklusjonane kvifor kommunen meiner at området likevel er eigna, kva krav til vidare undersøkingar som må stillast i føresegnene og at det er usikkerheit om området kan byggast ut før nærare undersøkingar er gjort. Når det gjeld naturfare minner vi om at reell fare skal vere avklart på siste plannivå, og kan ikkje skyvast til byggesak. **Kommunen må rette dette før planen kan eigendokjennast.**

Klimatilpassing blir stadig viktigare. Bevaring av våtmarker og myrer i nedslagsfeltet til flaumutsette områder er viktige å ivareta og også utbetre/ restaurere, for å gjere vassbalansen i kommunen robust. Det er viktig at kommunen ser nedslagsfelta i samanheng, og vurderer konsekvensar nedstrøms av inngrep oppstrøms, og motsett.

Omsynssonar og kart



Hå kommune har gjort mykje godt arbeid knytt til utfordringane med flaum og overvasshandtering. I arealplanen saknar vi ein del av resultatane frå dei kartleggingane som er gjort. Vi tilrår at kommunen nyttar kartleggingane som grunnlag for omsynssoner, og gjerne inkludere meir detaljerte flaumkartleggingar i omsynssone flaumfare.

Kart over kvikkleire bør ikkje kallast «skredfare», då det er marin grense det er tale om. Det er viktig å vere merksam på at temakartet for stormflo ikkje tar omsyn til bølgepåverknad. Det kan difor ikkje nyttast som omsynsone. Sjå vår motsegn til føresegn i §4.2

Vi kan ikkje sjå at det er lagt inn omsynssone brann- og eksplosjonsfare ved storulukkesverksemd i arealkartet. Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 har vi **motsegn** til at dette ikkje er gjort.

Nytteverdien av temakarta er avgrensa så lenge dei ikkje kan sjåast i samanheng med planlagde tiltak. Vi saknar også kjelda for temakarta, og det er samanblanding av namnsetting og innhald. Vi meiner omsynssone flaum burde visast på hovudplankartet. Dette er eit **fagleg råd**.

Regionalnett-leidning til Lnett gjennom Hå oppgraderast frå 52 kV til 132 kV. Vi anbefaler kommunen å legge inn ny og endra trase i arealkartet, om dette ikkje er gjort.

Det er omsynssone drikkevatt i kommuneplankartet, men ingen føresegner. Dette må sikrast i kommuneplan, særleg i lys av planlagde tiltak i nedslagsfeltet. Kommunen må sjå til at arealplanlegginga tek i vare trygt drikkevatt og sikrar at dei ikkje blir forureina av utbygging og bruk. Kommunen bør vurdere om det er behov for konkrete føresegner.

Arealendringar

Nærbø 3 – Reime og Lode (B1)

Arealendringa gjeld endring av arealføremål på 10,4 dekar frå næringsverksemd til bustad, og gang- og sykkelveg. Arealet er i dag nytta til næringsverksemd.

Området ligg utanfor sentrumsføremål i sentrumsplanen og området for kombinert føremål på Bjorhaug. Arealstrategien bygg på eit prinsipp om ein utbygging innanfrå og ut. For å sikre gjennomføring av dei meir sentrale områda i tråd med arealstrategien har vi **fagleg råd** om at det blir sett rekkefølge for utbygginga slik at ei utbygging av Nærbø 3 ikkje hindrar gjennomføring av dei meir sentrale områda kring jernbanestasjon og sentrumsområda.

Nærbø 6 – Nærbø sentrum øst (T1, B2, B4)

Tilsvarande som for arealendringa i Nærbø 3 – Reime og Lode, gjeld dette avsetting av areal til bustadbygging utanfor sentrum og dei mest sentrale områda av Nærbø. Vi har her tilsvarande **fagleg råd** om ei rekkefølge for utbygging som prioriterer dei mest sentrale områda.

Nærbø 8 – Urheifeltet (B3, FRI1)

Arealendringa gjeld endring frå tenesteyting til bustad og friområde. Arealet kan sjå ut til å vere nytta til barnehage i dag. Arealet ligg eit stykke utanfor dei mest sentrale områda av Nærbø i eit etablert einbustadfelt. Vi legg til grunn ei utnytting i tråd med forventingar i regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke (RPJSR). Kommunen bør vurdere behovet for denne type bustadområde opp mot prioritering av sentrum.

Nærbø 9 – Brannstasjonstomt (Halvmånen) (T5, V17, Adkomstveg-linje)




Arealendring gjeld omdisponering av 16,1 dekar frå LNF-føremål til offentlig tenesteyting, veg og samferdselslinje. Føremålet med området er å legge til rette for ny tomt til brannstasjon. Arealendringa fører til omdisponering av 9 dekar fulldyrka jord og ligg utanfor langsiktig grense landbruk.

Det blir arbeidd med detaljplan for området. Sjølv om vi ikkje direkte har kommentert det i uttale til planvarsel, gir arealendringa tap av viktig jordbruksareal. Endringa kjem også i konflikt med langsiktig grense landbruk slik at denne blir flytta. Plasseringa her fører også til at omkøyringsvegen blir flytta og får ny trasé i området.

Vi har forståing for at kommunen ser det som naudsynt med ny brannstasjon, og at denne må lokaliserast opp mot hovudveg for å redusere tid til utrykking. Vi meiner likevel at plasseringa er uheldig for jordvern og utfordrar langsiktig grense landbruk. Vi saknar ei vurdering av ulike alternativ for plassering av ny brannstasjon, eller at det blir vist til ei slik vurdering om den er gjort.

Som følge av flytting av omkøyringsvegen oppstår det eit areal heilt i nord av ny omkøyringsveg som i dag er avsett til næring, og som blir avgrensa av omkøyringsvegen, Bøvegen og Gudmestadvegen. Vi meiner det kunne vore eit alternativ som ikkje utfordrar langsiktig grense.



Statsforvaltaren har derfor **fagleg råd** om at det blir gjort ei alternativvurdering av ulike plasseringar som ikkje utfordrar langsiktig grense landbruk, eller at planen oppdaterast med ein slik vurdering om dette allereie er gjort.

Nærbø 10 – Omkøyringsveg og langsiktig grense landbruk Nærbø aust og nord

Arealendringa inneber at linje for veg og gang- og sykkelveg og byggegrense vert flytta. Dette er linjer for omkøyringsveg nord og aust for Nærbø. Omkøyringsvegen vil nå gå gjennom Krusemarka og Bøvegen framfor gjennom Pyttaskogen. Vidare blir vegen og langsiktig grense landbruk flytta inn mot bustadområda på Nærbø, samt flytta ut rundt areala til ny brannstasjon. Endringa inneber at areal utanfor og innanfor langsiktig grense landbruk går i balanse.

Det er i utgangspunktet positivt at kommunen flytter langsiktig grense slik at det ikkje blir arealtap på landbrukssida. Med tydeleg skjerpa jordvernmål, kommunen sin målsetjing om minst mogleg omdisponering av jordbruksareal og at Nærbø har bustadreserve langt ut over kommuneplanperioden, har kommunen eit potensiale for å sikre meir areal til varig jordbruksareal. Vi har **fagleg råd** om at det burde vore vurdert om omkøyringsvegen, og særleg den langsiktig grensa på austsida av Nærbø, burde vore flytta inn mot området avsett til bygge- og anleggsføremål i gjeldande kommuneplan. Vidare bør kommunen vurdere behovet for næringsområdet som blir liggande nord for omkøyringsvegen aust for Pyttaskogen som framleis ikkje er utbygd, og i dag er fulldyrka jord.

Varhaug 1 – Område ved Varhaug skule (B5)



Endring av føremål tenesteyting til bustad på eit areal på 3,6 dekar. Som på Nærbø har vi **fagleg råd** om at kommunen bør vurdere om det skal vere rekkefølge i utbygginga slik at utbygging her ikkje kjem i konflikt med kommunens arealstrategi om å prioritere ei utbygging innanfrå og ut.

Varhaug 2 – Tjemslandsmarka sør (NÆ2, FRI3)

Arealendringa inneber at 39,5 dekar fulldyrka jord som i dag er LNF-føremål vert endra til næringsareal kategori 3, friområde og samferdselslinje.

Det blir i grunnlagsdokumenta til kommuneplanen vurdert at det er utfordrande å finne nye næringsareal på Varhaug. I arealrekneskap frå november 2020 er det berekna at det på Varhaug er tatt i bruk 142 dekar til næring og at arealreservene er på 90 dekar. Sjølv om dagens næringsverksemd sentralt på Varhaug skulle bli flytta, utgjør dette mindre enn halvparten av arealreserven på Tjemslandsmarka sør. Dette tilseier at næringsføremål i gjeldande kommuneplan burde vere tilstrekkeleg i området i kommuneplanperioden. Etter det vi forstår er det heller ikkje tatt med i arealreserven at det innanfor næringsområda i dag er eit betydeleg fortettingspotensial, særleg på Tjemslandsmarka.

Med bakgrunn i betydeleg skjerpa jordvernmål og Statleg planretningsline for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (SPR BATP) fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til arealendringa Varhaug 2 – Tjemslandsmarka sør. Det er ikkje tilstrekkeleg synleggjort at det er behov for dette arealet til næring i denne kommuneplanperioden. Sjølv om arealet ligg innanfor langsiktig grense landbruk, er det ein føresetnad for ein forsvarleg arealforvaltning at slike areal ikkje blir omdisponert før det er eit behov for dette. Med utgangspunkt i at det framleis er ein betydeleg arealreserve og fortettingsmoglegheit i område avsett til næring i gjeldande kommuneplan vil det ikkje vere naudsynt med nye areal no. Med grunnlag i eit skjerpa jordvern, vil vi rå til at langsiktig grense landbruk ved Tjemslandsmarka bør trekkast inn til arealføremål for bygg og anlegg.

Vi meiner elles det er ein utfordring at kommunen vurderer behovet for næringsareal innanfor den einskilde stasjonsby, og ikkje tek med i vurderinga kommunen si samla tilgang til og samla arealbehov for næring. Vi har forståing for at det er behov for noko næringsareal tilknytt kvar av tettstadane, men vi saknar ein tydelegare prioritering for kor dei ulike næringskategoriane skal etablerast.

Varhaug 6 – Industriområde Varhaug øst Alternativ 1 og 2 (-, B13)

Det er to forslag til arealkart i Varhaug, alternativ 1 og 2. I alternativ 1 blir næringsareala sør for Ånestadvegen føreslått endra til kombinert føremål mens areala nord for Ånestadvegen framleis skal vere næring. I alternativ 2 blir areala sør for Ånestadvegen føreslått endra til kombinert føremål medan areala nord for Ånestadvegen blir føreslått endra til bustad.

Kommunen har vurdert fordelar og ulempe med å endre til bustadføremål. Fordelen er at ein sikrar nye relativt sentrumsnære bustadområde som kan verke positivt for sentrum og jordvern. Ulempene er at bustadbygging her kan forsinke utvikling i sentrum, og at det ikkje er behov for nye bustadareal i kommuneplanperioden. Vi er samde i kommunen si vurdering at det i eit langsiktig perspektiv vil vere føremålstenleg å endre areala til bustad, og slik på sikt bidra til eit sentrumsområde med kunde grunnlag og ei utvikling i tråd med regionalplanen.

Utan at vi deler kommunen sitt syn på behovet for nytt næringsareal i Varhaug, er det eit faktum at omdisponering til bustad her vil føre til at aktuelle næringsareal forsvinn. Kommunen synes til at desse areala skal erstattast, og vi tolkar erstatninga til å vere Tjemslandsmarka kor det blir føreslått



omdisponering av 40 dekar fulldyrka jord med LNF-føremål til næring. Vi stiller i den samanheng spørsmål til om omdisponering til bustad i alternativ 2 i realiteten ikkje er eit jordverngrep, men fører til at store jordbruksareal blir bygd ned.

Kommunen må gjere ei grundigare vurdering av arealbehov til ulike føremål opp mot langsiktig utvikling av Varhaug. Omdisponering av næringsareal til bustad kan for oss sjå ut som den løysinga som best treff på ei samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Rekkefølge i kommuneplan for utbygging kan her vere ei løysing for å sikre utvikling i sentrum. Vi kan likevel ikkje akseptere omdisponering av 40 dekar fulldyrka jord av beste kvalitet til næringsføremål før eksisterande næringsareal i heile kommunen er tatt i bruk meir arealeffektivt, og allereie omdisponerte, men ikkje utnytta næringsareal, er bygd ut.

Varhaug 8 – Reiestadmarka (Føresegnssområde – Reiestadmarka)

Endringa gjeld innføring av føresegnssområde for eit område på 71,2 dekar i Reiestadmarka. Området er i gjeldande kommuneplan avsett til grøntstruktur, friområde, tenesteyting, bustad og LNF-føremål. Vi tolkar at det er føresegn 12.8 som gjeld for området, med krav om moglegheitsstudie for heile området før arealet kan regulerast.

Føresegn 12.8 sett opp mot omtale i KU gir eit noko uklart bilete av kva kommunen tenker for området. Men vi tolkar det slik at det opnast for noko justering av avgrensinga av føremåla i området, men at det samla arealet av ulike føremål ikkje skal endrast. Vi les det også slik at dette kravet berre gjeld for denne kommuneplanperioden, og at det kan bli grunnlag for å bygge ut ein større del av området seinare.

Reiestadmarka ligg utanfor dei prioriterte områda for bustadbygging slik vi les arealstrategien. Det er betydeleg bustadreserve også på Varhaug og ei utbygging her vil kome i konflikt med prioriteringar i arealstrategien. Dersom området ved Møllevegen blir endra frå næring til bustad/kombinert føremål vil denne bustadreserven auke. Reiestadmarka ligg fråskilt frå sentrums-områda av hovudveg, og er ikkje ein naturleg utviklingsretning for Varhaug som bygg opp om eit kompakt sentrum med nærleik til tenester.

Med bakgrunn i tydeleg skjerpa jordvernmål og nasjonale forventingar om effektiv arealutnytting i regional og kommunal planlegging har vi derfor **fagleg råd** om at føresegnssområdet avgrensast til dei områda som i gjeldande kommuneplan er avsett til bygg- og anleggsføremål og at langsiktig grense landbruk blir lagt i grensa mellom byggeområde og LNF-føremål.

Vigrestad 2 – Vigrestad øst (Vigrestad barnehage og Vigrestad idrettsklubb) (T7, T8, IDR6)

Eit areal på 92,2 dekar endrar føremål frå friområde til tenesteyting og idrettsanlegg. Deler av området er allereie utbygd til idrettsføremål medan areala lengst aust er tenkt til barnehage/skuleanlegg.

Arealet som er foreslått avsett til tenesteyting er i hovudsak fulldyrka jord og ein mindre del innmarksbeite. Det er allereie ein arealreserve i området til tenesteyting som ikkje er teke i bruk. Vi kan ikkje sjå at det er gjort ei konkret vurdering av kor mykje areal som er naudsynt for dei funksjonane som er tenkt i området, anna enn at det er vurdert at det trengs noko meir areal enn det som er i gjeldande kommuneplan til tilkomst, fleirbrukshall, busstopp osv. Desse detaljane ligg naturleg å vurdere i reguleringsplan. Det er likevel utfordrande med tanke på jordvern at så betydelege jordbruksareal blir lagt til utbyggingsføremål utan nærmare vurdering av faktisk behov. Vi har på denne bakgrunn **fagleg råd** til denne arealendringa. Vårt råd er at delar av arealet blir



tilbakefør til LNF-føremål, særleg fulldyrka jord, eller at det blir sett føresegn om at areal som ikkje blir nytta til tenesteyting skal tilbakeførast til LNF-føremål.

Arealet som blir foreslått omdisponert til idrettsføremål sør-aust for idrettsanlegget, men som i dag er fulldyrka jord, kan vi ikkje sjå er naudsynt å omdisponere til idrettsføremål sidan idrettsområdet ser ut til å vere ferdig utbygd. Av omsyn til jordvern har vi **motsegn** til at dette arealet blir avsett til idrettsføremål og ikkje blir tilbakeført til LNF-føremål.

Stokkelandsmarka 1 – Industriområde Stokkelandsmarka sør (utviding) (NÆ3)

Endringa inneber omdisponering av eit areal på 40,1 dekar frå LNF-føremål til næring. I tillegg blir også samferdselslinje lagt inn. Arealet er i dag hovudsakeleg fulldyrka jord og grensar inn mot areal som i gjeldande kommuneplan i vest er avsett til næring og i aust avsett til bustad.

Av forarbeida til kommuneplanen kjem det ikkje fram eit klart behov for nye næringsareal i kommunen eller på Stokkelandsmarka. Kommunen meiner likevel at det er for lite ledig areal tilgjengeleg i Stokkelandsmarka og ønskjer å ha meir areal tilgjengeleg i kommuneplanperioden. Arealrekneskap viser at 240 dekar som er avsett til næring i kommuneplanen, er tatt i bruk berre i Stokkelandsmarka, mens 13 dekar er i reserve. Frå flyfoto kan det sjå ut til at nærare 100 dekar av areala sett av til næring ikkje er tatt i bruk. Vidare er det eit fortettingspotensial innanfor allereie utbygde areal.

Med utgangspunkt i eit tydeleg skjerpa jordvern og SPR BATP meiner vi at den foreslegne omdisponeringa kjem i vesentleg konflikt med nasjonale og vesentlege regionale interesser knytt til jordvern og effektiv arealbruk. Det kjem ikkje fram eit tydeleg behov for nytt næringsområde, særleg sett opp mot at det er betydelege areal som ikkje er utbygd til næring per i dag og eit betydeleg fortettingspotensial. Vi meiner også at omdisponeringa kjem i konflikt med kommunen sin intensjon i forslag til lokalt jordvernmål. Nasjonale føringar for eit skjerpa jordvern som kjem fram i brevet «Ta vare på matjorda» av 23.03.2022 frå landbruks- og matministaren og kommunal- og distriktsministaren er det tydelege forventingar om at kommunane må redusere si omdisponering av jordbruksareal. Ei auka prioritering av jordvern og i dette også ei effektiv arealutnytting er då naudsynt. Det er ikkje eit tydeleg behov for nye næringsareal i området, og det er moglegheit for nye utbyggingar og fortetting i godkjend plan. At kommunen ønskjer meir ledig areal er ein prioritering som vi meiner er i strid med dei nasjonale forventingane om eit tydelegare jordvern. På denne bakgrunn fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til arealendringa Stokkelandsmarka 1.

Brusand 1 – Kvermefloen (B12, V4, TD1, P1, T10, BG1, V5, V6)

Endringa gjeld eit areal på 37,1 dekar frå bustad, næring og LNF-føremål til bustad, veg, turdrag, tenesteyting, LNF-føremål og blå- og grønstruktur. Vi viser her til nyleg vedtatt områderegulering. Vi fremma motsegn til planen som, no er løyste. Det er flaumproblematikk i området og vassdraget er eit anadromt vassdrag. Vi gjer merksam på at val av løysing for flaumproblematikken kan krevje godkjenning etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag.

Sirevåg 1 – Skoga, alternativ 1 og 2 om utviding mot nord og aust (NÆ4, Næ5, V11)

Arealendringa gjeld utviding av næringsområdet Skoga utanfor Sirevåg. Det er foreslått to alternative område for utviding, nord (1) og aust (2). Begge alternativa er på 138,5 dekar, og inneber endring frå LNF-føremål til næringsverksemd og veg.

I forarbeida til kommuneplanen er det vist til at det på Skoga er ledige areal, men i samband med utvikling av området som eit regionalt, sjøretta næringsområde er det ønskjeleg å kunne tilby større



næringstomter til plasskrevjande næring. I arealrekneskapet går det fram at det for Sirevåg er tatt i bruk 159 dekar til næringsføremål og at det er ein arealreserve på 220 dekar.

Alternativ 1

Området ligg i eit utprega småknausa jordbrukslandskap med veksling av full- og overflatedyrka areal, innmarksbeite, skog og open fastmark. Innanfor planavgrensinga er det få dokumenterte funn av naturverdiar, jf. temakart-Rogaland, artsdatatabanken, artsobs, m.m, men det er heller ingen indikasjon på at området er undersøkt med omsyn til naturverdiar.

Området var omtrent trelaust i 1967, med unnatak av områda nær gardsbruket Skoga (gnr/bnr. 95/60). I ettertid har skog etablert seg på delar av området. Desse skogholta har ein svært viktig økologisk funksjon for naturmangfald.

Innanfor ein radius av 500 m frå området er det gjort funn av 26 raudlista artar i gruppene kar-planter, mosar, lav og sopp. Derimellom to kritisk truga artar, fem sterkt truga artar og ni sårbare artar. Jærtistel er freda ved forskrift. For fugl er det sju artar, derimellom vipe og åkerrikse men det er også gjort funn av sensitive artar i nærleiken av området.

Området er ikkje kartlagt med omsyn til naturtypar, og det er vesentleg potensiale for å finne raudlista naturtypar eller naturtypar med særleg økologisk funksjon, jf. Miljødirektoratet sin instruks for naturtypekartlegging. Kunnskapsgrunnlaget i området er ikkje tilstrekkeleg, og kartlegging bør minimum inkludere naturtypar, raudlista artar og ansvarsartar i gruppene kar-planter, mosar, lav og sopp. Det bør også gjennomførast ei kartlegging av fugl.

Alternativ 2

Området er småkupert med mykje fjell og hammar, det er ein del skogsmark og nakent berg med einskilde areal dyrkamark og innmarksbeite. I tillegg er eit vassdrag med våtmark inkludert i avgrensinga av området.

Norske våtmarker bidrar med ein rekke viktige økosystemtenester. Spesielt regulerande tenester, som karbonbinding, karbonlagring, flaumdemping, samt opplevings- og kunnskapstenester, som rekreasjon, estetiske effektar og ikkje-bruksverdiar som bevaring av natur- og kulturarv. I seinare tid er me blitt meir merksame på våtmarker si rolle for klimatilpassing, spesielt for klima-gassregulering og flaumdemping. I tillegg til våtmark er det eit vassdrag som strekker seg frå eit tjern i den nordaustlege delen av planområdet og ned til fleire mindre vassførekomstar og myrer. Eit kvart tiltak i dette området vil derfor ha ei stor verknad på det naturmangfaldet som lev i vassdraget innafor planområdet, men også i våtmarksområda nedstraums. Ingen av vassdraga er kartlagde i samband med kommuneplan-arbeidet, og det er heller ikkje gjort ei vurdering av i kva grad utbygginga vil påverke dei sentrale funksjonane våtmarka har.

Abfgrensinga av planområdet kjem i sør i konflikt med Ognadalen-Hellvik kystlynghei. Dette område er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er eit stort intakt kystlyngheiområde med relativt få inngrep i form av gjødsling, dyrking, oppslag av tre, vegar og avgrensa mengd med skogplanting. Det er ikkje gjort nokon systematisk registrering av naturverdiar innanfor området, og einaste raudlista art kjent frå området er klokkesøte, ein art som nasjonalt har eit lite utbreiingsområde og står i kategori VU-sårbar.

Heile området var trelaust i 1967, men det har sidan den gang vakse fram skog på deler av utmarksbeita. Desse skogane har ein viktig økologisk funksjon for mellom anna fugl, men gir også



leveområde for ei rekke artar, som insekt, mosar og lav. Området er ikkje kartlagt med omsyn til naturtypar, og det er vesentleg potensiale for å finne raudlista naturtypar eller naturtypar med særleg økologisk funksjon, jf. Miljødirektoratet sin instruks for naturtypekartlegging.

Tilgjengeleg informasjon i nærleik til tiltaket gir oss informasjon om den artssamansetninga som vi kan forvente i området. Innafor ein radius av 500 m er det gjort funn av 14 raudlista artar i gruppene karplantar, mosar, lav og sopp. Derimellom ei kritisk truga art (jærtistel) som også er freda, fem sterkt truga artar, og fire sårbare artar. Av fuglar er det sju raudlista derimellom vipe og åkerrikse, men også sensitive artar.

Informasjon om sensitive arter si utbreiing og hekkeområde er unntatt offentlegheita. Ein meir heilskapleg argumentasjon for motsegna vil difor sendast i eit vedlegg som skal unntakas offentlegheita.

I arealstrategien står det; *Vern av jord og natur betyr at eksisterande utbyggingsområde i må utnyttast betre enn i dag.* Alternativ 1 og 2 på Skoga Områda er ikkje tilstrekkeleg kartlagt, men tilgjengeleg informasjon om naturmangfaldet i innafor 500 m frå desse områda indikerer stor sannsynlegeheit for både truga og freda artar. I tillegg til å råke med trua artar, og artar freda gjennom forskrift, inneheld område avgrensinga eit vassdrag som er funksjonsgjevande for fleire våtmarker og myrar. Eit kvart inngrep her vil påverke dei økosystemfunksjonane desse naturtypane gir for viktig naturmangfald. I tillegg til at utbygging av desse areala vil ha ein sterk negativ verknad på natur mangfaldet, er det fleire areal i området som er avsett til næringsformål som ikkje er utbygd. Når ein skal fortrenge store område med viktige naturverdiar, må den samfunnsøkonomiske fordelene vere tilstrekkeleg stor. I dette tilfelle setter vi spørsmålsteikn med behovet for næringsareal av denne storleiken i område med allereie store avsette areal.

Vi kan ikkje sjå at kommunen har gjort ei direkte utrekning av behovet for nytt næringsareal, men ønskjer ei utvikling av området til arealkrevjande næring. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging legg til grunn ei effektiv arealbruk og eit tydlegare jordvern. Kommunane må redusere si nedbygging av jordbruksareal og naturområde, og helst vurdere å føre areal tilbake til LNF-føremål. Begge alternativa for utviding, og særleg alternativ 1, fører til at betydelege jordbruksareal blir omdisponert. Med grunnlag i arealreserven i gjeldande plan og innanfor eksisterande næringsområde som er tatt i bruk, er vår vurdering at arealendringane i alternativ 1 og 2 kjem i konflikt med nasjonale omsyn knytt til jordvern og natur.

Med bakgrunn i rundskriv T-2/16; *Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet – klargjering av miljøforvaltninga si motsegn praksis*, jordvern og SPR BATP fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til område NÆ5_alt1 og NÆ5_alt2. Motsegna er heimla i plan- og bygningslova § 5-4. Vi er opne for at arealet markert NÆ4 som heng saman med areal som i gjeldande kommuneplan er avsett til næring kan omdisponerast til næringsføremål. Bakgrunn for dette er at området ligg avgrensa av veg og eksisterande næringsareal og derfor er meir egna til næringsføremål enn jordbruk.

Alternativ 2 ligg i aktsemdsone flaum. Det må gjerast ein nærare vurdering av om området er eigna på tross av identifisert flaumfare. Kommunen må og vurdere om ei eventuell utbygging av området kan får uakseptable konsekvensar eller auka risiko for områder rundt. Dette må gjerast i form av ei ROS analyse. Metodikk til bruk i analysen kan kommunen finne i rettleiinga frå DSB:

[Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging](#). Om analysen syner at området er eigna til formålet på tross av risiko, må eventuelle sannsynsreduserande eller konsekvensreduserande tiltak



leggjast inn i føresegnene. Vi har **motsegn** på dette punktet. Motsegna kan trekkast om kommunen kan dokumentere ei risikoanalyse med vurdering av om risiko er akseptabel.

Sirevåg 2 – Indre vågen (FRI4, FRI5, FTU1, PA1, SF3, H1, SH1, V13, V14, ST1, ST2, P2, NÆ7, NÆ8, V15, KBA4, BSV1, BSV2)

Det er ei storulykkesverksemd i Sirevåg. Kommunen må fastsette ei omsynssone rundt denne jf. pbl §11-8 pkt. a. og i den grad det er naudsynt knytte føresegner til sona. Risikokonturar eller sikkerheitsavstandar gir eit fagleg vurderingsgrunnlag for kommunens arbeid med å fastsette omsynssoner rundt storulykkesverksemdar. Sjå rettleiar frå DSB: [Veileder om sikkerheten rund storulykkesvirksomheter](#). Omsynssona rundt storulykkesverksemda i Sirevåg må visast i arealkartet. Vi har **motsegn** til at dette ikkje er gjort.

Hovudkart 2 – Elgane (øvingsområde for brann) (T12)

Eit areal på 5,5 dekar blir endra frå LNF-føremål til tenesteyting og skal legge til rette for brannøvingsfelt. Plassering av slike felt kan vere krevjande med omsyn på ulemper bruken kan føre til. Vi har ikkje vesentlege merknadar til den føreslegne plasseringa, men gjer merksam på at Statsforvaltaren er forureiningsmyndigheit for slike brannøvingsfelt.

Generelt om Grødalaland og Kviamarka

Kommuneplanen legg opp til en omfattande utviding av både Kviamarka og Grødalaland industriområde. Utvidingane kan ha store konsekvensar for reinseanlegget ved IVAR som tar imot avlaupsvatn frå desse industriområda. 26. oktober 2022 blei det publisert eit nytt forslag til EUs avlaupsdirektiv. Forslaget er nå på høyring. Forslaget omfattar ei skjerpning av det europeiske avlaupsregelverket. Kommunen og eigarane av reinseanlegg må difor allereie nå førebu seg på skjerpa krav til oppsamling og reinsing av avlaup. I tillegg er biogassanlegg og næringsmiddelindustri omfatta av Industriutslippsdirektivet og tilhøyrande BAT-krav, som tilseier enda strengare krav til reinsing. Som eit resultat av dei kommande endringane vil IVAR sitt reinse-anlegg på Grødalaland måtte utvide for å kunne overhalde krava. I detaljreguleringa av anlegga ved Grødalaland og Kviamarka må det difor gjerast greie for korleis avlaupsproblematikken skal handterast.

Hovudkart 3 – Grødalaland næringsområde (BG2, NÆ10)

Endringa inneber omdisponering av 83 dekar frå LNF-føremål til næring og blå-/grønstruktur. Føremålet med omdisponeringa er å legge til rette for biogassanlegg. Arealet er i dag innmarksbeite og fulldyrka jord. Eit anlegg her kan føre til at det blir naudsynt å legge om Grødalandsbekken.

Plassering av eit større biogassanlegget har vore arbeida med over lengre tid og plasseringa no er i tråd med tidlegare signal vi har gitt. Det forelåtte arealet er derimot svært stort, utan at vi kan sjå at det er gjort noko vurdering av arealbehovet. Arealet som no ligg inne fører også til at det kan vere naudsynt å legge om Grødalandsbekken. Å flytte vassdrag er krevjande og kan føre til tap av naturmangfald.

Vi er opne for at det blir plassert eit biogassanlegg i området, men forslaget, med omdisponering av 83 dekar, kjem i konflikt med nasjonale og regionale jordvernmål. Statsforvaltaren meiner det er uheldig å avsette område av slikt omfang til næring no, utan at det er avklart arealbehov. Slik avgrensinga er, kan det føre til ein betydeleg omdisponering av dyrka jord og kome i konflikt med naturmangfald. Statsforvaltaren har derfor **fagleg råd** om at arealbruken bør avklarast gjennom reguleringsplan kor dei ulike omsyna blir ivaretatt slik som jordbruket, vassdrag og behov for byggegrunn. Vi meiner området bør visast som LNF-føremål med omsynssone for bandlegging i påvente av vedtak etter plan- og bygningslova eller andre lovar, jf. pbl. § 11-8 andre ledd. På denne



måten vil det sikrast aksept for å kunne etablere biogassanlegg, men at ulike omsyn framleis skal tas i vare.

Det er identifisert risiko knytt til flaum i området. Delar av området og tilkomstvegen ligg i aktsemdsone flaum. Det må gjerast ein nærare vurdering av om området er eigna på tross av identifisert flaumfare. Dette må gjerast i form av ei ROS analyse. Metodikk til bruk i analysen kan kommunen finne i rettleiinga frå DSB: [Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging](#). Om analysen syner at området er eigna til formålet på tross av risiko, må eventuelle sannsyn-reduserande eller konsekvensreduserande tiltak leggjast inn i føresegnene. Vi har **motsegn** på dette punktet. Motsegna kan trekkast om kommunen dokumenterer ei risikoanalyse med vurdering av om risiko er akseptabel.

Hovudkart 4 Kviamarka næringsområde (utviding) (NÆ11, NÆ12, NÆ13, NÆ14, NÆ15)

Endringa gjeld eit areal på 77,4 dekar som endrar føremål frå LNF til næring. Endring av arealføremål for Miljøgartneriet er ikkje tatt med i arealrekneskapet og utgjer om lag 105 dekar som i dag er nytta som gartneri. Dei 77,4 dekar som er foreslått endra til næringsføremål er i dag hovudsakeleg fulldyrka jord.

Kviamarka er i dag etablert som eit senter for næringsmiddelindustri og har stor betydning for foredling av landbruksprodukt. Kommunen har i si konsekvensutgreiing konkludert med stor negativ konsekvens for jordvern og samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.

Områda som utgjer utviding av næringsområde inngår i områdeplan for Kviamarka som er under arbeid. Til oppstarsvarsel til områdeplanen har Statsforvaltaren gitt tydelege signal om at utviding av næringsområde ut på jordbruksareal er svært krevjande med omsyn på jordvern:

«Det er klart utfordrande å foreslå omdisponering av 50 dekar fulldyrka jord i ein av dei aller viktigaste jordbrukskommunane i landet. Me vil på det sterkaste oppmoda om at ein ser på heile planområdet under eit – både eksisterande og nytt areal – og kartlegg moglegheit for betre utnytting før ein legg inn nytt næringsareal. Til dømes følgjer det av Jordvernstrategien for Rogaland at det i nye reguleringsplanar ikkje skal planleggjast for parkering på bakkeplan. Området i Kviamarka har i dag store areal for parkering, og ved å samle dette til eit sentralt, felles p-hus i området, kunne ein få frigitt mykje areal. Det må også setjast konkrete utnyttingskrav for området, jf. jordvernstrategien pkt. 2.3. Det må gå fram kva ledig areal som finst, korleis ein kan utnytta areala betre og ein oversikt over kva behovet for nytt areal er, og deretter gjere konkrete vurderingar ut i frå dette.»

Vi kan ikkje sjå av forarbeida til kommuneplanen at det er gjort kartlegging av moglegheita for ei betre arealutnytting i området. Det er klart at dette er eit krevjande arbeid som også høyrer naturleg heime i arbeidet med områdeplanen. Vi meiner likevel at det er uheldig at kommuneplanen viser området til næring utan at kunnskapsgrunnlaget føreligg.

Med bakgrunn i tydeleg skjerpa signal om jordvern i seinare tid, vår argumentasjon i høyrings-svar til oppstartsvarel og SPR BATP fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til utvidinga mot vest (NÆ-11 og -13). Utviding i sør som gjeld Miljøgartneriet (NÆ-15) har vi tidlegare gitt signal om kan vurderast i samband med planprosess. Denne delen er derfor ikkje omfatta av vår motsegn. Vi legg likevel til grunn at det i samband med områdeplanen blir vurdert kva arealbehovet for gartneriverksemda er.

Hovudkart 5 – Søyland (NÆ16)



Eit område på 10,5 dekar som i dag er avsett til LNF-føremål men nytta til næringsverksemd er føreslått endra til nærings-føremål. Området har vore i bruk sidan midten av 60-talet og blei etablert av Statens vegvesen.

Vi har ikkje vesentlege merknadar til føremålsendringa anna enn at det bør følgast opp i føresegna at området skal nyttast til arealkrevjande næring utan besøks- og arbeidsplassintensiv næring (jf. kat. 3 i regionalplanen).

Hovudkart 6 – Aniksdal (RU1)

Aniksdal masseuttak ligg ved Kvasseheimsåna, som er eit anadromt vassdrag. Kvasseheimsåna har vass-førekost ID 028-89-R, og miljøtilstanden er kategorisert som moderat i vann-nett. Den moderate økologiske tilstanden er eit resultat av begroingsalgar, bunnfauna, morfologiske forhold, samt eit høgt innhald av nitrogen og fosfor.

Kvasseheimsåna er anadrom med både laks (NT-nær truga) og sjøaure (LC-livskraftig). Tiltaksområdet ligg rett oppstraums det som er definert som anadrom del i Temakart-Rogaland. Det er også ein kjent bestand av elvemusling (VU-sårbar) i Kvasseheimsåna. Det er gjort funn av levande individ av arten rett ved og ved fleire lokalitetar nedstrøms råstoffutvinningsområdet¹.

Elvemusling er ein truga art og ein ansvarsart for Noreg. Forvaltningsmål for arta er heimla i naturmangfaldlova § 5: «Målet er at artene og deres genetiske mangfold er ivaretatt på lang sikt og at artene forekommer i levedyktige bestander i sine naturlige utbredelsesområder. Så langt det er nødvendig for å nå dette målet ivaretas også artenes økologiske funksjonsområder og de andre økologiske forutsetningene som de er avhengige av».

Miljødirektoratet har utarbeida ein nasjonal handlingsplan for elvemusling. Målet med denne planen er å sikre livskraftige populasjonar av arten over heile landet slik at den kan bli fjerna frå den norske raudlista, og oppnå kategorien «livskraftig» (LC). Nåverande naturlege populasjonar skal derfor «oppretthaldast og sikrast en tilfredsstillande rekruttering». Dessutan er det i dette arbeidet eit mål at alle vassdrag med elvemusling skal kunne kategoriserast med god økologisk tilstand eller betre.²

Når det gjeld laks er målet for forvaltninga i Noreg at laksebestandane skal oppnå minst god kvalitet etter kvalitetsnorma for villaks. Den blei vedteken som ei forskrift under Naturmangfaldlova ved kongeleg resolusjon i 2013³.

I september 2022 blei det søkt til Statsforvaltaren om å utføre habitattiltak i Kvasseheimsåna 600 m nedstraums for massetaket. Bakgrunnen for søknaden var at område som historisk sett har vore gode gyteplassar nå er kraftig forringa med mykje sand og finstoff. I samband med habitat-tiltaka har Rådgevinge Biologar kartlagt heile vassførekoststen i 2021. I kartlegginga fant dei at det var to område i heile vassdraget som var utprega med mye avsett finsubstrat, og området direkte nedstraums Aniksdal massetak var desidert verst med bortimot 70 % av arealet dominert av sand.

¹ Ledje, U. P. 2018. Kartlegging av elvemusling (*Margaritifera margaritifera*) i Kvasseheimsåna, Hå kommune (Ecofact rapport nr.: 633)

² Larsen, B.M. (2018) *Handlingsplan for elvemusling (Margaritifera margaritifera L.) 2019-2028* (NINA rapport M-1107|2018)

³ Anon. 2013. Kvalitetsnorm for ville bestander av atlantisk laks (*Salmo salar*) - Fastsatt ved kgl.res. 23.08.2013 med hjemmel i lov 19. juni 2009 nr 100 om forvaltning av naturens mangfold § 13. Fremmet av Miljøverndepartementet.



Dette har resultert i ei reduksjon av skjul i dette partiet, som igjen vil medføre redusert produksjon av ungfisk. For å auke gytepotensialet har kommunen satt i verk habitattiltak.

I Vassforskrifta § 12 står det at ny aktivitet eller nye inngrep i ein vassførekomst kan gjennomførast sjølv om dette førar til at miljømåla i § 4 - § 7 ikkje blir nådd, eller at tilstanden forringast dersom dette skuldast : a) nye endringar i dei fysiske eigenskapar til ein overflateførekomst eller endra nivå i ein grunnvassførekomst eller b) ny berekraftig aktivitet som førar til ei forringing i miljøtilstanden frå svært god til god tilstand. I tillegg må ei rekke vilkår vere oppfylte: A) Alle praktisk gjennomførbare tiltak må settast inn for å avgrense negativ utvikling i vassførekomsten, B) samfunnsnytta av dei nye inngrepa eller aktivitetane må vere større enn tapet av miljøkvalitet, og C) hensikta med dei nye inngrepa eller aktivitetane kan på grunn av manglande teknisk gjennomførbarheit eller uforholdsmessig store kostnader, ikkje med rimelegheit oppnåast med andre midlar som miljømessig er vesentleg betre. I dette tilfelle er vassførekomsten i moderat økologisk tilstand. Utslepp av finstoff er ein medverkande faktor for tilstanden, og har utløyst igangsette tiltak for å betre den økologiske funksjonen i vassdraget.

Massetaket på Aniksdal ligg på ein høgde kor avrenning til Kvasseheimsåna kan førekomme frå vest, sør og aust. I planen om utviding av massetaket ser me at uttaket no vil dekke heile høgden, med bratte skrånningar ned mot Kvasseheimsåna i vest og sør, samt bratt skrånning ned mot tilførselsbekken i aust. Med slike hellningar vil det bli særskilt utfordrande å sikre seg mot diffus avrenning frå tiltaket. Resultata frå kartlegginga til Rådgivande Biologer kan peike på eksisterande utfordringar med avrenning av finstoff til vassdraget med det massetaket som finnst i dag. Basert på kunnskapsgrunnlaget som ligg føre, vurderer vi at ei ny utviding av massetaket på Aniksdal vil vere i strid med vassforskrifta § 12.

Rundskriv T-2/16 om nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet – klargjering av miljøforvaltningas motsegnpraksis angir at motsegn skal vurderast når planforslaget vil komme i konflikt med krava i vassforskrifta § 12 for å tillate ny aktivitet og nye inngrep i strid med miljømåla. Med bakgrunn i vassforskrifta § 12 fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til utvidinga av masseuttak på Aniksdal. Motsegna er heimla i vassforskrifta § 12 og pbl. § 5-4.

Hovudkart 9 – Friestad/Roligheten (RU3)

Arealendringa omfattar omdisponering av 28 dekar som i dag er LNF-føremål til råstoffutvinning. Arealendringa kjem som ei utviding av det eksisterande masseuttaket i området. Arealet som er føreslått omdisponert er i dag registrert som innmarksbeite.

Arealendringa er dels ein omkamp på areal som tidlegare har vore vurdert i reguleringsplan 1175, men som blei tatt ut etter motsegn frå Statsforvaltaren (då Fylkesmannen). Bakgrunn for vår motsegn i brev av 28.05.2018 var omsyn til naturmangfald. Arealendringa no legg inn eit betydeleg større areal enn det som blei tatt ut ved reguleringsplan.

Av konsekvensutgreiinga kjem det fram at arealendringa ikkje vil ha konsekvens for naturmangfald då det ikkje er gjort registreringar i området. At området ikkje er kartlagt er ikkje eit argument for å meine at eit masseuttak ikkje vil ha konsekvens for naturmangfald. Som det kjem fram av vår uttale til reguleringsplanen, kan slike område ha verdi for fleire fugleartar, også raudlista, som hekkeområde og for matauk.

Statsforvaltaren meiner av omsyn til naturverdiane i området at arealendringa i utgangspunktet bør leggjast bort. Dersom kommunen går vidare med arealendringa har vi **fagleg råd** om at uttaksområdet blir avgrensa i reguleringsplan etter kartlegging av området med omsyn på naturverdier.



Vidare må det blir stilt vilkår om etappevis tilbakeføring, landskapstilpassing og forsvarleg handtering av overflatevatn med omsyn på reinsing.

Hovudkart 10 – Bru (RU4)

Tiltaket kjem i direkte konflikt med Laksesselafjellet kystlynghei (BN00044651)⁴, verdsett som svært viktig. Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er eit uvanleg stort, velutvikla og intakt kystlyngheiområde med lite inngrep i form av gjødsling, dyrking, oppslag av tre og granplanting, og med tre raudlisteartar i høg kategori. Registreringa er frå 2006, og ulike tiltak har påverka deler av kystlyngheia. Kystlynghei er ein utvald naturtype, jf. forskrift om utvalde naturtypar⁵, og dette betyr at området skal gis særleg vekt i vurderingar, og det skal i større grad sikrast kunnskapsgrunnlag gjennom konsekvensanalyse, jf. rettleiar for utvalde naturtypar⁶. Kystlynghei i denne regionen er naturleg habitat for artar som klokkesøte (VU), dette er ein art som har lite utbreiingsområde i Noreg. Kystlynghei er habitat for fleire organismegrupper, som mose, sopp, lav, karplanter, insekt, edderkoppdyr og fugl. Tiltaket vil totalt øydelegge denne naturtypen innafør planområdet. For å kunne gjennomføre eit kunnskapsbasert vedtak så er det viktig at kommunen og tiltakshavar får overblikk over kva tiltaket vil bety for naturmangfaldet i kystlyngheiareal i regionen, jf. rettleiar om utvalde naturtypar.

I tillegg til at tiltaket kjem i direkte konflikt med ein utvald naturtype kystlynghei, kjem det også i konflikt med fleire internasjonalt anerkjende våtmarksområde. Både Vaulen og Bjårvatnet er verna gjennom forskrift heimla i naturmangfaldlova. Vaulen er ein del av Jærstrendene landskapsvern-område (VV00000575) og Jærstrendene plantefredingsområde (VV00000491), og Bjårvatnet er verna som naturreservat (VV00000376). I tillegg har begge desse areala internasjonal vernestatus som Ramsar-område; Jæren våtmarkssystem⁷. Desse områda er anerkjent som Ramsar-område fordi dei er særleg viktige for fugl regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Verneområde med Ramsar-status inngår i internasjonale avtalar signert av Noreg, jf. Ramsar-konvensjonen⁸. Verneområda er viktige for store mengder rastande fugl kvar vår og haust, som nyttar seg av næringsrike vann, grunne sjøområde og tangvoller langs strendene som furasjeringslokasjonar før dei flyr vidare. I tillegg er områda viktige overvintrings- og hekkeområde. Ei utviding av steinbrot ved Bru vil føre til auka støy, auka trafikk og auka partikkelavrenning til verneområda. Føremålet med vernet i Bjårvatnet naturreservat er å «*bevare eit våtmarksområde med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyre-liv. Området har en viktig funksjon som trekk- og hekkeområde for ulike våtmarksfugler.*» Ei auke i støy er ikkje i tråd med verneformålet, og kan forringa naturreservatet sin funksjonsverdi. Vaulen, som har same Ramsar-status som Bjårvatnet, vil i større grad bli påverka av både støy og partikkelavrenning. Nedslamming av dette grunne våtmarksområdet vil forringe verdien for fugl, og området funksjonsverdi vil bli sterkt redusert. I Vaulen aleine er det registrert hekkande vipe (CR), dverglo (VU) og storspove (EN), samt ein rekke raudlista andefuglar.

Støy

Bjårvatnet naturreservat og Vaulen er som nemnd Ramsar-område, og er gitt eit særleg vern pga. fuglane som nyttar områda. Støy frå trafikk og anleggsverksemd er ei forstyrring som kan ha fleire effektar på fugl, blant anna kan det føre til problem med å hevde territorium (songen høyrast ikkje), det kan føre til aukt predasjon (alarmsignala høyrast ikkje) og det kan medføre stress. I hekke-

⁴ <https://faktaark.naturbase.no/?id=BN00044651>

⁵ <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2011-05-13-512>

⁶ https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/dirnat2/attachment/2498/dn-handbok-31-2011_nett.pdf

⁷ <https://rsis.ramsar.org/ris/309>

⁸ <https://www.ramsar.org/>



sesongen kan forstyrning medføre at dei vaksne fuglane stadig flyktar frå reira og at egga derfor ikkje heldast varme nok, eller at utklekka ungar ikkje får nok mat eller er meir utsett for predasjon. Stadig flukt er også energitappande for de vaksne fuglane. Fugl som bruker lokaliteten som trekk- og overvintringsområde er også sårbare for stress. Det er energitappande og påverkar næringsøk.

I Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442, er blant anna naturområde, samt viktige område for naturmangfald, omtala som område der stillheit er særleg viktig. I retningslinjene står følgjande: «*Verdien av disse som rekreasjonsområde anbefalast ivaretatt ved at støynivået ikkje tillatast økt*». Anbefalt støygrense for samanhengande nærfriluftsområder er satt til Lden40 dB. Miljødirektoratet har utarbeidd ein rettleiar for bruk av T-1442 (miljodirektoratet.no). I denne går det frem at «*For anlegg og verksemd som kan medføre skade på et verneområde gjelder naturmangfoldloven § 49*».

Naturmangfoldlova § 49 seiar at: «*Kan verksemd som trenger løyve etter annen lov, verke inn på verneverdiene i et verneområde, skal omsynet til disse verneverdiane tillegges vekt ved avgjørelsen av om tillatelse bør gis, og ved fastsetting av vilkår. For annan verksemd gjelder aktsemdsplikta etter § 6*». Auka aktivitet i masseuttaket vil auke støyproblematikken, og det må utførast støymodelleringar som synar at støynivået i Ramsar områda i Vaulen og Bjårvatnet ikkje blir høgare enn 40 dB, som er i tråd med T-1442.

Tiltak for å forbetre naturmangfaldet

I tillegg til at tiltaket vil ha negativ innverknad på internasjonalt anerkjende naturverdiar, er det også tilstøytande ei omsynssone for bevaring av naturmiljø. Det at arealet ikkje overlappar med omsynssona betyr ikkje at naturmiljøet innanfor dette området blir sikra. Støy, støv og avrenning frå tiltaket vil ha innverknad på området som av omsyn til natur skal bevarast. I 2022 blei det gitt løyve til reetablering av tjern innanfor ein radius på 100 m frå det auka arealet som nå skal utvinnast. Re-etableringa av tjernet er eit krav i føresegn i reguleringsplanen for masseuttak og deponi på varden, Ognå (2018). Denne føresegna var eit resultat av motsegn frå Statsforvaltaren (då Fylkesmannen). Bakgrunnen for re-etableringa var at eksisterande habitat blir forbetra, noko som vil behalde eller forbetre verdiane i området med tanke på raudlista arter, og vegetasjonstypar. Utvidinga det nå blir søkt om er 30 m frå omsynssona, og omtrent 100 m frå tjernet som skal reetablerast.

Landskapsverdiar

Området ligg i Kvasseheim – Sirevåg landskapsområde som er ein del av Dalane anorthositt landskap. Dette området er verdisett som eit nasjonalt viktig landskap. I dette landskapsområdet er det dei skogfattige knausane som samen med vegetasjonsbeltet dannar eit mosaikkpreg som gjer at det skil seg ut som eit nasjonalt viktig landskap. Ei tilbakeføring til landbruksjord vil derfor ikkje vere eit grep som vil gje tilbake området sitt verdigrunnlag. Ein auke i massetaket ved Brusand vil difor føre til ein irreversibel verknad på landskapet.

Påverking av vassdrag

Bjårvatnet og Rennå er anadrom strekning med både laks og sjøaure. Finpartikulært materiale frå råstoffutvinningsområdet vil kunne vere skadeleg for fisk i vassdraget. Partiklar generert av anleggsarbeid kan ha eit høgare skadepotensial for fisk enn naturlege partiklar fordi dei er skarpare, og lettare kan feste seg på gjellene til fisken. Dette kan føre til slimsondring og irritasjon på gjellene, som kan forstyrre fisken sin respirasjon og ioneregulering, og i verste fall medføre fiskedød⁹.

⁹ Sørensen, J. (1998) Massedeponering av sprengstein i vann – forurensningsvirkninger. NVE Rapport nr. 29 1998.



Auka partikkelavrenning kan også føre til reduksjon i produksjonsgrunnlag ved at egg og plomme-sekkkyngel av fisk som ligg nedgrave i grusen i ytre konsekvens kan døye som følge av mangel på oksygen- og næring.

Statsforvaltaren fremmer **motsegn** då tiltaket har irreversibel påverknad på utvald naturtype, kystlynghei, og landskap av nasjonal verdi. Tiltaket vil også i stor grad kunne påverke viktige naturverdiar i verneområde med internasjonal status. Med bakgrunn i rundskriv T-2/16; *Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet – klargjering av miljøforvaltninga si motsegn praksis* fremmer Statsforvaltaren i Rogaland motsegn til planområde RU4, motsegna er heimla i pbl § 5-4.

Hovudkart 13 – Sirevåg-Eigersund (-)

Det er gjort funn av den freda arten Jærtistel (CR) i tiltaksområdet. Jærtistel er freda ved lov, jf. *Forskrift om fredning av truede artar* med vedlegg. I Norge er hovudbestanden av denne arten i området mellom Ognå og Hellvik. Me har eit særleg ansvar for å ivareta artens utbreiing. I fredningsreglene § 2 står det:

«Arter og underarter av karplanter (inkl. frø), kryptogamer (moser, lav og sopp), alger og virvelløse dyr i henhold til vedlagte liste er fredet mot direkte skade og ødeleggelse, innsamling og annen form for direkte etterstrebeelse.»

Dersom den planlagde sykkelvegen råkar område kor det veks jærtistel, så må sykkelvegen leggest om for å unngå at arten blir påverka. Området er i dag godt kjent med omsyn til arten, men det er likevel eit behov for å synfare heile traseen før bygging. Det bør søkast etter jærtistel spesielt, men også andre raudlista artar og ansvarsartar av gruppene karplanter, moser og lav. Ansvarsart er ein art der hovudbestanden i Europa er å finne i Noreg, jf. Artsdatabanken¹⁰.

Statsforvaltaren ser at deler av området er kartlagt for naturtypar. Det er ein føresetnad at resterande areal av planavgrensinga blir kartlagt for naturtypar etter Miljødirektoratet sin instruks for naturtypekartlegging¹¹. Av naturverdiar i området er det kystlynghei (sterkt truga og utvald naturtype), semi-naturleg strandeng (sterkt truga, EN) og, naturbeitemark (sårbar VU). I tillegg er det fleire myrparti som er viktige med omsyn til karbonlagring, og som ein økosystemvariasjon eit særprega småkupert kystlandskap. Fleire av desse myrane kan vere habitat for mellom anna klokkesøte (VU). Sykkeltraseen bør leggest utanom myrflatene.

I omtalen av tiltaket kjem det frem at tiltaket kan råke med taesskog. Vi forutsette at også marine naturverdiar kartleggast tilstrekkeleg i vidare planprosess. Statsforvaltaren er myndigheit for tiltak i sjø, og dersom vidare planer inneberer utfylling og mudring i sjø må dette avklarast med forureiningsmyndigheita.

Hovudkart 15 – Elgane (BAB1, BAB2)

Kommunen foreslår at 350 daa LNF-føremål blir omdisponert til andre typar bebyggelse og anlegg. Området skal legge til rette for eit vindkraftanlegg med inntil åtte vindturbinar av middels storleik på 80-110 meters totalhøgde. Utbygging av anlegget nyttar eksisterande vegar (om lag 17,5 dekar). I tillegg vert om lag 21 dekar av området permanent nedbygd, og 16 dekar midlertidig nytta under anleggsperioden. 55 dekar er derfor lagt til grunn for arealbehov i forhold til lokalt jordvernmål.

¹⁰ <https://www.artsdatabanken.no/rodlisterforarter2021/fordypning/ansvarsarterrodlisteriuropeiskperspektiv>

¹¹ <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/naturkartlegging/myndigheter/kartlegging-av-naturtyper-pa-land/>



Området ligg tett opptil Synesvarden landskapsvernområde og grenser til landskapsvernområdet på eit punkt. Verneområdet vart oppretta i 1993. «*Føremålet med vernet er å ta vare på eit større jærsk hei-, myr- og utmarksbeitelandskap med eit særmerkt dyre- og planteliv, kulturminne, kvartærgeologiske landskapsformer og område med stor verdi for natur-oppleving.*» Ei storstilt vindmølleutbygging i området vil føre til at landskapsbiletet blir sterkt endra. Frå Synesvarden er det storskala vindmølleutbygging synleg i alle himmelretningar, bortsett frå ut mot vest. Ein ytterlegare utbygging her i vest, på Elgane, vil i stor grad føre til at verneområdet blir inneslutta av vindmølleparkar. På vestsida av Synesvarden ligg også Steinkjerringa og turløypa frå Holmavatnet. På grunn av topografi er området visuelt sett relativt skjerma for større tekniske inngrep i landskapet. Ein vindmøllepark på Elgane vil forringe den urørte opplevinga av området.

Området ligg på grensa der intensivt jordbrukslandskap går over i eit ekstensivt jordbrukslandskap. Heile området vert beita og små areal vekslar mellom å vere meir og mindre intensivt drivne, der noko er tydeleg gjødsling og anna har mindre gjødselpåverknad. Areala vekslar og med myrer av ulike utformingar og små vasspegel førekjem fleire stader.

Planområdet rører ved fire viktige naturtypar, kartlagt etter Miljødirektoratets instruks i 2021. Det gjeld:

- Elgane 1, NINFP2110016660: Slåttemyr - høg kvalitet. Raudlistekategori: CR
- Elgane 2, NINFP2110016658, Naturbeitemark - svært høg kvalitet. Raudlistekategori: VU
- Vallastøl, NINFP2110016659, Rik open jordvassmyr - moderat kvalitet. Raudlistekategori: EN
- Vandavatnet, nord, NINFP2110016661: Semi-naturleg våteng - høg kvalitet. Raudlistekategori: DD

Tre av dei viktige naturtypene er trua og har sentral økosystemfunksjon, dette er grunngevinga for at naturtypen skal verta kartlagt. Den siste naturtypen er spesielt dårleg kartlagt, og er derfor i raudlistekategori DD.

Den rike jordvassmyra er ein liten del av ein mykje større myrlokalitet kartlagt etter HB 13, Håland-øst, BN00008570, Intakte lavlandsmyrer med verdi A (svært viktig).

Slåttemyra og naturbeitemarka er delar av ein mykje større lokalitet kartlagt etter HB 13, Bølge ved Elgane, BN00008564, med verdi B (viktig). Denne lokaliteten inneheld eigentleg fleire ulike element, blant anna naturlig fisketomme innsjøar og tjern, myrkompleks og naturbeitemark.

Den semi-naturlege våtenga er del av ei større våteng som er meir gjødselprega enn det som kvalifiserer til den viktige naturtypen.

Myrane i området som ikkje er avgrensa som eigne viktige naturtypar, har likevel stor verdi for mange artar av fugl, amfibium og insekt, i tillegg til at dei er viktige karbonlager og bidrar med negativ påverknad på klimaet dersom dei vert øydelagde. Den nordlege delen av området består i stor grad av gjødsling beite i vest og open jordvassmyr med litt vasspegel i aust.

Området ligg heilt ned til Vandavatnet og tett ved utløpet av dette. Det er registrert elvemusling i utløpsbekken frå Vandavatnet i 2018. Elvemusling har raudlistestatus VU - sårbar og er ein ansvarsart for Noreg i forvaltningskategori Arter av særleg stor forvaltningsinteresse. Elvemusling er svært sårbar for sedimentavrenning frå all type anleggsarbeid.

Dette området aust i Hå kommune og vest i Bjerkreim kommune er eit svært viktig trekkområde for rovfugl. Til tross for dette har det blitt gjennomført ein storstilt vindmølleutbygging i området. Fordi



større deler av området allereie er utbygd, forsterkar det viktigheita av å ta vare på dei delane som framleis er mindre råka av utbygginga. Dette er viktig slik at området ikkje utsettast for ytterlegare barriereverkingar og tap av funksjons- og leveområde som følgje av fortrenging.

Tiltaket er i strid med føremålet til landskapsvernområdet Synesvarden, det kjem i direkte konflikt med fire raudlista naturtypar, og det vil sterkt påverke trekk for rovfugl og elvemusling som er ein trua ansvarsart med særleg forvaltningsansvar. På bakgrunn av dei nasjonale og regionale naturverdiane i tiltaksområdet fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til vindparken på Elgane. Motsegna er heimla i pbl § 5.4.

Føresegn og retningsliner

Manglande rekkefølgekrav til Nærbø

Etter at det ble gitt nytt løyve til utslepp frå Nærbø Reinseanlegg hausten 2016, har ikkje reinseanlegget overheldt primærreinsekra. Reinseanlegget er derfor i brot med utsleppsløyvet, og forureiningsforskrifta kapittel 14. Tidlegare nemnte forslag til avlaupsdirektiv frå EU inneber ei innskjerping av det europeiske avlaupsregelverket. Det er mogeleg at unntaket frå sekundærreinsekra vert fjerna. Kommunen og eigarar av reinseanlegg må *difor* allereie *no* førebu seg på skjerpa krav til oppsamling og reinsing av avlaup.

Statsforvaltaren har motteke tydelege føringar frå Kommunal- og distriksdepartementet og Miljødirektoratet om bruken av motsegn som verkemiddel i plansaker. Statsforvaltaren kan fremme motsegn i plansaker der det ikkje er sikra at reinseanlegget som skal reinse avlaupsvatnet frå området overheld reinsekra. Avlaupssaker reknast som vesentlege regionale interesser, jf. pbl § 5-4.

I kommuneplanen må det stillast rekkefølge-føresegn til all utbygging med påkobling av avlaup til Nærbø reinseanlegg. Føresegna må gjenspeile at ingen av areala som leggjast ut kan medføre ei påkobling på kommunalt avlaupsnett før Nærbø reinseanlegg kan dokumentere at *dei* overheld reinsekra.

Statsforvaltaren fremmar **motsegn** til kommuneplanen for manglande rekkefølge-krav i føresegna som tek i vare avlaup frå utbygging i Nærbø. Motsegna er heimla i pbl § 5.4.

Klimagassutslepp og klimatilpassing

Kommunen bør ha ei føresegn om klimagassrekneskap for utbyggingar over ein viss storleik, og alle utbyggingar som må skje på karbonrike areal, i tillegg til alle nye prosjekt innan råstoffutvinning, inkludert utviding av eksisterande råstoffanlegg. Rekneskapet skal innehalde utslepp frå areal bruksendringar, utslepp frå anleggsmaskinar og transport i anleggsperioden, dei indirekte utsleppa ved byggematerialar, byggas energiklasse og forventta utslepp frå bygg i driftsperioden, som døme. Kommunen må gjerne starte i det små og utvide med anerkjent metodikk for å få ein god oversikt over klimagassutslepp i ei næring som er utsleppsintensiv, men samtidig har eit stort potensial for å avgrense utslepp, eller å omstille til å bli ein karbonnøytral næring. Føresegna vil vere i tråd med FN sitt berekraftsmål nr. 13, Stoppe klimaendringane, som mellom anna seier at vi skal *«handle umiddelbart for å bekjempe klimaendringene [...]»*.

Kommunen bør ha ei retningsline som hindrar utbygging på karbonrike areal og areal som er rike på naturmangfald. Dette er areal som myr og høg- og middel bonitet skog. Føresegna kan ha eit unntak ved restaurering av same type arealet, dersom det må omdisponerast. Føresegna kan knytast til FN sitt berekraftsmål nr. 13 og 15, og til SPR-klima. Ein slik føresegn bør og vere i tråd med Montreal-avtalen, som mellom anna har ein liste over målsetjingar og verkemidlar for å avgrense tap av natur.



Kommunen bør styrkje sine føresegner om naturbaserte løysingar og fysisk klimarisiko. Føresegnene bør innehalde eit krav til bruk av naturbaserte løysingar i utbyggingar og transformasjonar, og bør gjerast i tråd med FN sitt berekraftsmål nr. 15, Livet på land, som mellom anna seier at vi skal «*stanse og reversere landforringelse samt stanse tap av artsmangfold*». Føresegna bør knytast til regionalplan for klimatilpasning. Om løysinga likevel ikkje veljast, skal det grunngjevast kvifor, i tråd med SPR-klima. Føresegna bør formulerast som ein «skal-føresegn», og den bør understreke behovet for at løysingar gir verdi for naturen, klimatilpasning, karbonbinding og mental helse.

§ 2.2 Unntak frå krav om reguleringsplan

Punkt 2 gir unntak frå plankrav for oppføring av erstatning for lovlege oppførte bygg. Vi ser at det oppstår krevjande diskusjonar knytt til risikovurdering av erstatningsbygg. Krava i TEK 17 kap 7. skal vere basert på ny kunnskap om fare (til dømes havnivåstigning) og eksisterande regelverk. Det betyr at det ikkje alltid er mogleg å erstatte gamle bygg. Vi vil difor tilrå at kommunen tydeleg viser at ny informasjon om naturfare skal ligge til grunn i byggesaka.

Ved unntak frå plankrav må kommunen med dette meine at tiltaket er av ein slik art at reguleringsplan ikkje er naudsynt. Fleire av unntaka frå plankrav kan slik vi vurderer føre til betydelege verknader for andre omsyn. Nummer 3 og 5 kan til dømes føre til støy og lukt eller endra trafikktilhøve som bør utgreiast i reguleringsplan. Vi har derfor **fagleg råd** om at unntaka blir meir spesifisert slik at ein kan avgrense unntaka til tiltak som klart ikkje kjem i konflikt med andre omsyn i område.

Når det gjeld nummer 7 vil vi vise til vår motsegn til føresegn 15.4.

§ 3.1 Berekraftig planlegging

Dette gir kommunen ein mogleg heimel til å ta i vare naturressursar og viktige areal for bevaring av naturmangfald, og areal som er karbonrike for å unngå framtidige utslepp av klimagassar.

Det kan leggjast inn eit punkt under «berekraftig planlegging» som handlar om «fornybar energi-produksjon». Dette kan til dømes vere krav til større offentlege bygg og anlegg. Det kan og leggjast inn som retningsline for private utbyggingar innan bustad, fritidsbustad, næring og industri.

§ 3.2 Krav til stadsanalyse og moglegheitsstudie

I punkt 2 blir det blant anna stilt krav om at mobilitet skal inngå i stadsanalyse og moglegheitsstudie. Vi ser at sjølv om stadsanalyser vurderer «mobilitet» er ikkje skuleveg og barnetråkk vurdert. Vi foreslår difor at det kjem fram at skuleveg og barnetråkk skal inngå i analysen.

Det bør leggjast til eit punkt om naturbaserte løysingar, og at desse skal vurderast i alle moglegheitsstudiar for sentrumsområde. Det bør og leggjast klarare krav med tanke på klima- og miljø i lista over krav. Dette kan til dømes vere krav til fornybar energiproduksjon, materialbruk, å leggje til rette for nullutsleppsmobilitet, grønne område, energieffektivitet i bygg og så vidare. Desse krava bør og gjelde for reguleringsplanar, ikkje berre overordna planar slik det er formulert i dag.

Vi minner om at oppvarming og bruk av bustader og næringsbygg står for om lag 17,5 % av dei totale globale klimagassutsleppa. Det er meir enn vegtrafikk, flytrafikk og skipstrafikk- og togtrafikk, til saman, som står for til saman 16,2 %.

§ 4.1 Flaum og overvatn



Til punkt 6 vil vi informere om at kommunen si myndigheit er avgrensa til vassresurslova § 7 og § 11 jf. «forskrift om hvem som skal være vassdragsmyndighet etter vannressusloven».

Det må kome fram i føresegnene at viss planarealet ligg i aktsemdområde for flaum, skal det dokumenterast at det er tilstrekkeleg tryggleik mot flaum eller er avbøtande tiltak, jf TEK17 og konklusjonar i ROS-analysen. Med heimel i pbl § 5-4 fremmer Statsforvaltaren **motsegn** mot manglande føresegn på dette punkt.

§ 4.2 Havnivåstigning og stormflo

«Opphalds-, arbeids- og publikumsrom» er ikkje omgrep som kan nyttast når det gjeld stormflo. Det må kome fram av føresegnene at når bygningar blir plassert under ein sikker kotehøgde skal det leggest fram ein fagkyndig rapport der krav i TEK17 blir vurdert.

Når kommunen ikkje har laga faresonekart for stormflo inkludert bølgehøgde må det vurderast kva som er ei sikker kotehøgde. Ved bygging under denne krevst det ei fagkyndig utgreiing av stormflo og bølgehøgde, byggehøgde og eventuelt avbøtande tiltak, jf TEK17. Med heimel i pbl § 5-4 fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til at dette ikkje er gjort. Vi tilrår at kommunen får laga bølgekart over aktuelle område for utbygging, der bølgehøgde blir oppgitt.

§ 4.4 Tilrettelegging for rednings- og sløkkemannskap

Til punkt 2 anbefaler vi at det etter «brannvern køyretøy» blir skrive: «med tilgang til fasadane». Den same teksten bør leggest til, til slutt i § 5.2.5.

§ 5.1 Utnyttingsgrad

I punkt 2 blir det vist til tabell 1 om bustadtettleik og utnyttingsgrad. For Stokkelandsmarka blir det gitt ein skala frå 50-100 %-BRA og 2,0 eller fleire bueningar per dekar. Dette er lågare enn regionalplanen sine føringar for utnyttingsgrad på 60-100 %-BRA for område som Stokkelandsmarka. Sjølv om føresegna må tolkast som ei retningsline for utnytting og tettleik legg den opp til ein utnytting som ikkje er i tråd med overordna regionale føringar og nasjonale forventingar om effektiv arealutnytting. Med bakgrunn i nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging og SPR BATP fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til at kommuneplanen legg opp til ei for låg utnytting og bustadtettleik i Stokkelandsmarka.

Til punkt 3 må det sikrast at den samla utnyttinga for området blir i tråd med intensjonen i områdeplan. Der ein har ein skala frå 60-100 % BRA må det sikrast at dette spennet blir nytta og ikkje konsekvent legg seg i lågaste sjikt.

§ 5.1.2 Byggeområde utan utnyttingsgrad

For uregulerte område, og i område der reguleringsplan manglar utnyttingsgrad eller ikkje har fastsett utnyttingsgrad i form av «grad av utnytting» legg føresegna opp til at det kan byggas ut inntil 40 % BYA.

Vi kan ikkje sjå kvifor ein har landa på eit generelt tal for utnytting på 40 % BYA. Fastsetting av utnyttingsgrad i planar må baserast på kva område ein er i med omsyn til tettleik, områdekvaliteter, omkringliggande bygningar, osb. Slik kommunen no har gjort det blir det sett eit tal for utnytting for ein rekke område utan at talet er konkret vurdert. Både i føresegna til kommuneplan og i regionalplanen blir utnyttingsgrad i % BRA lista opp for ein rekke ulike område. Vi meiner metoden



kommunen nå angir utnytting ut i frå, er i strid med føringar i regionalplanen. På denne bakgrunn og SPR BATP har vi **fagleg råd** om at føresegna blir tilpassa ulike stadstypar i regionalplanen.

§ 5.2 Uterom – nettverk i tettstadane

I § 5.2.4 blir det opna for at 14 m² av eit samla uteopphaldsareal per bustad på 30 m² kan løysast i offentlege areal. I RPJSR er det i retningsline 6.3.3 opna for unntak for storleik på felles uteopphaldsareal i sentrumsområda i Stavanger, Sandnes og Bryne, men det følgjer der at det berre kan tillatast dersom det blir dokumentert sambruk med byrom og offentlege grøntareal som dekkjer krava til uteopphald. Det som er opna for som eit unntak i dei mest utbygde og tette områda i RPJSR-området er i kommuneplanen for Hå gjort gjeldande generelt i heile kommunen. Vi har **motsegn** til denne delen av føresegn om felles uteopphaldsareal slik dette er formulert. Vi er opne for at kommunen kan vurdere å nytte denne føresegna som eit unntak for dei tettast utbygde tettstadene i kommunen (sentrum og sentrumsnære område av Nærbø og Varhaug) etter prinsippa i RPJSR. Kor dette er må da konkret omtalast i føresegna.

Føresegna for felles utopphaldsareal er elles krevjande å forstå. Det blir i føresegna § 5.2.1 nr. 3 og § 5.2.4 vist til storleik på uteopphaldsareal som er å finne igjen i regionalplanen. Det blir vist til at ein kan akseptere at avstanden til større og samanhengande uterom er meir enn 200 meter, men at område på 1500 m² skal vere innanfor 200 meter. Det er ikkje gitt innslagspunkt for storleik på uteopphaldsareal eller kor mange bueningar dei dekker. Det er heller ikkje gitt konkrete talfesta maksimal avstandskrav for dei minste uteopphaldsareala (sandleikeplass). Slik vi les føresegna for storleik og lokalisering av uteopphaldsareal er desse ikkje egna som styringsverktøy, og opnar for ein stor grad av skjønn for når krav til uteopphaldsareal er dekka for eit område.

RPJSR har eit gjennomarbeida sett med føringar for kvalitet, storleik og avstand for uteopphaldsareal. Føringane i RPJSR må vere ei rettesnor for alle kommunane i RPJSR-området for å sikre at kommuneplanane har eit sett med minimumskrav til uteopphaldsareala. Slik føresegna no er skrive er det ikkje mogleg å sjå om krava i kommuneplan vil følgje opp intensjonane i regionalplanen. Vi vurderer at føresegna no samla sett vil kunne gi ein betydeleg reduksjon i leikeareal i utbyggingsområde, og med bakgrunn i omsynet til born og unge og SPR BATP. Vi har difor **fagleg råd** til § 5.2 om uterom at retningslina i RPJSR blir innarbeida som føresegner i kommuneplanane når det gjelde leikeareal og uteopphaldsareal.

I § 5.2.1 nummer 5 blir det sett krav om at uteopphaldsareal skal ha sol på min. 25 % av uteromma i 5 timer med vårjamdøgn eller min 50 % sol kl. 15:00 ved vårjamdøgn. Vidare blir det vist til at krava skal omfatte areal for leik. Føresegna i kommuneplanen følgjer ikkje opp føringane til kvalitet på uteopphaldsareala i RPJSR. I RPJSR er føringane at minimum 50 % av uteopphaldsareala skal ha sol ved vårjamdøgn kl. 15:00, og at dette skal dokumenterast med soldigram. Slik vi les føresegna blir det opna for to minimumskrav som slik sett utvidar kva som er å rekne som akseptable minimums solforhold.

Solkrava i regionalplanen er gjennomarbeida og slik vi er kjend med, norm i dei fleste kommune (del)- og reguleringsplanar. Føresegna i kommuneplanen utfordrar standarden i regionen og vil slik sett også vere i strid med nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging og omsynet til barn og unge. Statsforvaltaren fremmer på denne bakgrunn **motsegn** til føresegna for solforhold på uteopphaldsareala.

§ 6.1 Parkering

Føresegn om parkeringsdekning i kommuneplanen følgjer i hovudsak parkeringsnorm for sykkel og bil i regionalplanen, men ligg noko over faglege råd for bil i område for bustad og noko under for



sykkel i bustadområda. For å støtte opp om arealstrategien og målet om å styrke sentrum, samt reduksjon i bilbruk har vi **fagleg råd** om at føresegna følger parkeringsnormene i RPJSR og i sentrumsområda i stasjonstettstadene legg seg lågare for bil.

Vidare har vi **fagleg råd** om at i § 6.1.2 nr. 2 også legg til at bilparkering ikkje skal vere til hinder for å oppnå tilstrekkeleg bustadtettleik og utnytingsgrad i tråd med kommuneplan og RPJSR. I regional jordvernstrategi er eit av verkemidla for å redusere omdisponeringa av jordbruksareal at parkering ikkje skal skje på bakkenivå. Dette kan også utvidast til at parkering skal integrerast i bygningskropp.

§ 9.3 Vindturbinar

I føresegn § 9.3, punkt 1 har kommunen lagt inn fleire avstandskrav frå vindturbinar forhold til kyrkjar, vernesonar, vatn og vassdrag, strandsone, fortidsminnar og nabogrense.

Vi tolkar føresegna til å gjelde vindturbinar av type enkeltstående gardsvindmøller, osb. Dette bør komme klarare fram av overskrifta til føresegna i § 9.3 slik at desse ikkje er til forveksling med større vindkraftanlegg som til dømes på Høg-Jæren.

I brev datert 11.01.2023 informerte vi Hå kommune om våre vurderingar i forhold til avstandskrav frå ulike naturverdiar av vesentleg regional og nasjonal verdi. Anbefalingane vi ga var meint som retningsgivande for Hå kommune, og er basert på kunnskapsgrunnlaget i artsobservasjonar. Vi anbefalte følgjande avstandar:

Tabell 3 - IBA-områder

Områdetype	Anbefalt avstand (meter)
Verneområder	2000
Kystlinje	2000
Ferskvann	1000
Større drenerte ferskvann*	1000
Større elver	1000
Større myrer	500

Tabell 4 - Utenfor IBA-områder på Låg-Jæren, samt lignende områder

Områdetype	Anbefalt avstand (meter)
Verneområder	1000
Kystlinje	1000
Store og næringsrike ferskvann	1000
Ferskvann	500
Større elver	500
Større myrer og drenerte ferskvann	250

Jæren er eit *Important Bird Area (IBA-område)* av internasjonal betydning. I dette området finn me også ein høg konsentrasjon av verneområde der fugl er ein viktig del av verneformålet. Fuglar står ovanfor ei rekke truslar, og vindmøller er ein av mange påverknader som til saman gir ei total belastning. Grunnlaget for å vurdere effekt av vindmøller er mangelfullt, men det er godt



dokumentert at særleg andefugl (Anseriformes) og vadere (Charadriiforme) får redusert utbreiing ved vindmøller. Denne kunnskapen må nyttast ved vindmølleutbygging som påverkar disse artsgruppene i lokalitetar ved kysten. Som et underlagsdokument til nasjonal ramme for vindkraft har Miljødirektoratet utarbeida eit fagr grunnlag for fugl (M-1307). Også denne litteraturgjennomgangen viser at dei aller høgste kollisjonstala er funne i tilknytning til våtmarker og andre vassrike miljø.

I avstandskrava gitt i føresegn § 9.3 punkt 1 er ingen av våre anbefalingar følgt. Avstanden føresegna gir til verneområde er 300 m, og det skiljast ikkje mellom viktige og mindre viktige fugleområde.

I Rogaland er det to IBA-område, Kjørholmane sjøfuglreservat, og Jæren kor store deler av nordlege Hå kommune inngår. Våre anbefalingar til avstandskrav reflekterer viktigheita av IBA-området, og legg vekt på bevaringa av viktige funksjonsområder for fugl. I tillegg til at nordlege deler av Hå kommune er IBA-område, fell det saman med både Jæren landskapsvernområde og fleire RAMSAR-område. RAMSAR område inngår i ein internasjonal konvensjon for bevaring av våtmarksområde.

Bevaringa av funksjonsområda for fugl innanfor desse areala er derfor av internasjonal betydning. Slik føresegn § 9.3, punkt 1 står i dag, vil den korte avstanden kunne medføre at disse viktige områda forringas, og av den grunn må denne føresegna endrast.

For å kunne sikre at ikkje desse internasjonalt anerkjente områda blir forringa i forhold til funksjonsverdien dei har for naturmangfaldet, må ikkje berre avstandane endrast, men det bør stillast fleire krav i forhold til naturtypar og ulike verneområde.

I føresegna er det gitt eit avstandskrav til vatn og vassdrag, men her bør det i større grad også differensierast mellom ulike typar hydrologiske førekomstar. Næringsrike innsjøar er særleg viktig funksjonsområde for fugl, og bør derfor vere ein større avstand frå vindmøller enn for eksempel næringsfattige innsjøar.

I Hå kommune er det avgrensa med strandsone utanfor verneområde, avstandskravet til strandsona gjelder derfor kun sør for Ognå. Vi vurderer at dette kravet berre peglar avgrensingane satt i pbl § 1-8, og ikkje reflekterer omsyn til naturmangfaldet eller landskapspåverknad. Områdene sør for Ognå inngår ikkje i IBA-området, og er av mindre betydning for våtmarksfugl. Deler av området er derimot ein del av *viktige landskap i Rogaland*, og registrert som kulturlandskap. Kommunen bør vurdere om det også i dette området bør stillast større avstandskrav i forhold til bevaring av landskapsverdiar.

Vi har på grunnlag av de vesentlege nasjonale og regionale naturverdiane i verneområda **motsegn** til § 9.3 punkt 1. Motsegna er heimla i pbl § 5-4.

For å løyse motsegna må kommunen i større grad imøtekomme de anbefalingane Statsforvaltaren ga i brev datert 23.01.2023.

§ 11 Massehandtering

I nr. 2 blir det stilt krav om at matjorda skal omtalast separat i planomtalen. Dette meiner vi er eit godt grep for å skilje matjordressursen frå dei andre jordressursane som har ulike eigenskapar. Vi har **fagleg råd** om at i tillegg til å omtale matjorda separat, bør også matjord definerast. Det bør også stillast krav om at dei ulike sjikta i jorda må handterast kvar for seg. Matjordlaget er særleg følsamt for mekanisk handtering og langvarig lagring, då dette er eit levande sjikt kor kvaliteten fort tapar seg når han ikkje blir nytta som matjord.



Elles er det eit generelt problem innanfor massehandtering og bygg og anlegg at det ved behov for masseutskifting blir tilført ny masse av langt betre kvalitet enn kva som er naudsynt for prosjektet. Å nytte knust fjell der det er teknisk forsvarleg å nytte resirkulert masse er ikkje god ressursbruk. Vi oppmodar kommunen som utbygger, og som sjølv kan stille krav til eigne prosjekt, å bruke så mykje gjenbruksmasse som mogleg. Kommunen bør og vurdere om det i føresegna kunne vore krav om at vurdering av bruk av gjenbruksmassar skal følgje med i detaljplan eller byggesak.

§ 12.2 Offentleg og privat tenesteyting

Statsforvaltaren er forureiningsmyndigheit for brannøvingsplasser jf. rundskriv T-3/12. Vilråra i eit løyve knytast i hovudsak til omfanget av bruk av brennmidler og slokkemidler, avlaupshandtering, avfallshandtering og internkontroll. Avlaup vil oftast bli kopla til kommunalt/interkommunalt avlaupsanlegg og treng løyve frå anleggseigar. I nokre tilfelle kan ein brannøvingsplass bli vurdert til å falle inn under forureiningslova § 8, dvs. at den ikkje treng løyve pga. omfanget. At brannøvingsplassen kan krevje eit løyve etter forureiningslova bør formidlast gjennom føresegna i kommuneplanen. Vi fremmer **fagleg råd** om at § 12.2 i føresegnene blir oppdatert til å reflektere det søknadspliktige forholdet til forureiningslova.

§ 12.3 Næringsbygningar

For utvidinga av næringsområde på Grødaland NÆ10 viser vi til vårt faglege råd om at området blir vist som omsynssone for seinare planlegging for næring.

I utvidinga av drifta ved Njølstad søkast det om å etablere råstoffutvinning i eit området kor det i dag er skog. Deler av skogen blei kartlagt av Ecofact i 2021. Konklusjonen til Ecofact var at «*Utvidinga av massetaket vil stort sett påverke vanlig førekomst av naturmangfald. Nokon raudlista fuglearter, som sandsvale, bergirisk og gulspurv, ventes å bli negativt påverka av tiltaket, med hhv. forringa, og noko forringa påverking. Naturmangfald som bler råka i stor grad ved utvidinga av massetaket, gjeld kunn vanlege førekomst*». De vurderte vidare at «*Under forutsetning av at forureina vatn ikkje leiast til det lakseførande vassdraget, vil utvidinga av masseuttaket ikkje gi miljøskade for fiskebestanden i vassdraget. Tilbakeføringa til jordbruk vil kunne gi betydelig miljøskade for hekkende sandsvale og noe miljøskade for hekkende bergirisk og gulspurv. Miljøskaden for øvrige førekomst av naturmangfald vurderast til ubetydeleg.*»

Denne vurderinga gjeld berre ein liten del av skogsarealet som nå vil bli råka av utvidinga. Skogen som vart undersøkt av Ecofact var av ein yngre alder, og vi går ut frå at den eldre delen av skogen som ikkje er undersøkt kan ha eit større artsmangfald.

I Ecofact sin rapport peikar dei på at forureina vatn må leiast vekk frå det nærliggande lakseførande vassdraget. Dette er heilt essensielt for ein arealauke ved Njølstad. Finpartikulært materiale frå råstoffutvinningsområdet vil kunne vere skadeleg for fisk som oppheld seg i vassdraget. Partiklar generert av anleggsarbeid kan ha eit høgare skadepotensial for fisk enn naturlege partiklar fordi de er skarpare, og lettare kan feste seg på fiskens gjeller. Dette kan føre til slimsondring og irritasjon på gjellene, som kan forstyrre fiskens respirasjon og ioneregulering, og i verste fall medføre fiskedød¹². Auka partikkelavrenning kan også føre til reduksjon i produksjonsgrunnlag ved at egg og plomme-sekkkyngel av fisk som ligg nedgrave i grusen i ytre konsekvens kan døy som følge av mangel på oksygen- og næring.

I føresegn § 12.3, punkt NÆ9- Njølstad, er følgjande føringar gitt for utvidinga;

¹² Sørensen, J. (1998) Massedeponering av sprengstein i vann – forurensningsvirkninger. NVE Rapport nr. 29 1998.



Området kan nyttast til arealkrevjande verksemd, masseuttak og -mottak. Påverknad på miljøverdiar som naturmangfald, vassmiljø, landskap, friluftsliv, kulturmiljø og landbruk skal omtalast. Areal/område skal ikkje tillatast omdisponert i tilfelle kor det får vesentleg verknad på miljø og tilstrekkeleg avbøtande tiltak ikkje kan sikrast. LNF6 og LNF7 skal vera tilbakeført til produktivt LNFR-formål før igangsettingstillatelse for opparbeiding av NÆ9 er tillate

På bakgrunn av naturverdiane i område må denne føresegna skjerpast i forhold til ytre miljø. Skogsområdet som blir råka av utvidinga må kartleggast i sin heilskap i samband med utarbeiding av reguleringsplan. Det skal sikrast at lakseførande vassdrag ikkje blir påverka av avrenning frå massetaket. Ein plan for overvann, samt avbøtande tiltak må føreligge før igangsettingsløyve kan gjevast.

Statsforvaltaren fremmer **motsegn** til føresegn § 12.3, avsnitt 2 Næ9-Njølstad. Ordlyden i føresegna må skjerpast i forhold til kartlegging av naturmangfald og sikring av potensiell avrenning til lakseførande vassdrag. Det må også kome fram av føresegna at det er plankrav for området. Motsegna er heimla i plan- og bygningslova § 5-4.

§ 12.5 Råstoffutvinning

For område RU4 viser vi til vår motsegn til arealendringa.

§ 12.8 Føresegnsområde Reiestadmarka

Vi viser her til vår uttale til føresegnområde i arealkartet. Føresegn § 12.8 bør endrast i tråd med dette da ein utviding av byggeområde her ikkje bygg opp under kommunen sin arealstrategi og regionalt jordvernmål.

§ 13.1 Generelle krav

Det bør gjerast ein vurdering av framtidig massebehov med tanke på forventta bruk, og forventta masseoverskot frå pågåande og framtidige prosjekt. Dette for å avgrense unødig bruk og kast av eksisterande masse, og å unngå ein kostnad for massar som ikkje står i stil med natur som vert øydelagd som følgje av nye masseuttak. Dette er i tråd med nasjonal strategi for ein grøn, sirkulær økonomi.

§ 13.3 – Omfangsavklaringar

I ein detaljregulering for masseuttak vil det krevjast støysonekart som viser utbreiinga av dei ulike støysona. For å sikra at dette omsynet fremmer Statsforvaltaren **fagleg råd** om at krav om støysonekartlegging blir lagt til i føresegn § 13.3.

§ 14.1 Fritidseigedommar

I nr. 3 blir det opna for at det ved regulering kan opnast for overbygd terrasse ut frå første etasje. Vi vil her vise til at overbygd terrasse skal reknast med i BRA og at det ikkje er høve til å legge slikt areal i tillegg til tillat bruksareal i plan.

§ 14.4 Campingplass

Vi minner om TEK17 § 11-6 avsnitt 7, som bl.a. seier at avstand mellom ytterpunkt til campingeiningar skal vere minimum 4 m og branngater mellom parseller på minimum 8 m. Dette er ein ny regel frå 2021, og det kan difor vere fornuftig å opplyse om denne.

§ 15.2 Tiltak på landbrukseigedom

I nr. 2 blir det opna for driftsbygningar på inntil 18 meter høgde. Dette er høgt og vil kunne kome i konflikt med landskapsomsyn fleire stader i kommunen. Vi er samde med kommunen om at også



landbruket må redusere nedbygginga av jordbruksareal og er opne for oppføring av høge bygningar, men da bør også landskapsomsyn vere med i vurderinga. Vi har derfor **fagleg råd** om at det i tillegg til jordvern også skal leggast vekt på landskapsomsyn.

I nr. 6 og nr. 7 blir det, slik vi les føresegna, opna for inntil 90 m² samla areal for garasje, carport, uthus og likande, men at kvar av desse bygga ikkje kan vere større enn 50 m². Det er positivt at det blir sett avgrensing i storleik på slike bygg, fordi mindre bygg er betre med omsyn på landskap. Eit samla areal på 90 m² er likevel mykje for slike bygningar. Særleg når det ikkje er sett avgrensing for storleik på gardshus. Det er fleire eksempel på relativt store hus i LNF-områda i kommunen som er ført opp som følgje av at kommunen ikkje har føresegn om maksimal storleik. I tillegg til arealbeslaget fører også store bygningar til at landskapsomsyn blir sett til side. Vi har derfor **fagleg råd** om at kommunen set ei øvre avgrensing på samla areal på bygningar, til dømes 250 m² BYA kor gardshus, garasje, uthuscarport og liknande inngår.

Til nr. 10 meiner vi ordvalet «dyrking» er noko uheldig. Vi viser her til at nydyrking krev løyve etter nydyrkingsforskrifta. Vi meiner det ville vere betre å bruke det meir omfattande omgrepet «å betre jordkvaliteten og dyrkingsegenskapane» eller tilsvarande.

§ 15.3 Fritidsbustad i LNF-områda

For eksisterande fritidsbustader i LNF-områda skal krava som gjeld for fritidsbustader i § 14.1 gjelde.

Desse er utforma med hensikt å definere alle eksisterande, lovleg etablerte fritidshus som ei form for spreidd bygnad i LNF-områda. Det følgjer av plan- og bygningslova § 11-11 nr. 2 "at spreidd bolig-, fritids- eller næringsbebyggelse og annen bebyggelse kan tillates gjennom behandling av enkeltvis søknader eller reguleringsplan når formålet, bebyggelsens omfang og lokalisering er nærmere angitt i arealplanen".

KDD sin rettleiar «Planlegging for spreidd bolig-, fritids- og næringsbebyggelse i landbruks-, natur-, friluft- og reindriftsområder» av mai 2020 tar for seg ulike måtar å framstille og handtere både nye og eksisterande spreidd hus og fritidshus i kommuneplanen sin arealdel. Det går spesifikt fram under kap. 3.8 i rettleiaren at ei generell føresegn «om at alle tidligere fradelte tomter innanfor LNFR skal kunne bebyggast for det formål de er fradelt til, eller at eksisterande bebyggelse skal kunne utvides i samsvar med dagens bruk, oppfyller ikke lovens krav til angivelse av omfang og lokalisering». Det skal ifølgje rettleiaren alltid følgjast opp med minimum matrikelnummer, kva type bygnad og omfanget på denne. På s. 42 går det fram at uansett framstillingsmåte, er det ein føresetnad at det blir framstilt på ein konkret og eintydig måte. Løysinga i kommuneplanen til Hå er å bruke føresegner åleine, utan at det er utarbeidd noko oversikt over matrikelnummer som er omfatta eller illustrasjonskart som synleggjer omfang og lokalisering. Dette er ikkje ein type framstilling som er i samsvar med rettleiaren, og vil vere i strid med plan- og bygningslova § 11-11 nr. 2.

Det går fram av rettleiaren pkt. 4.7 (s. 56) at det i nokre tilfelle vil vere eit alternativ til å sette av større område til LNF-spreidd, at det heller blir utarbeidd retningslinjer for dispensasjon. Det går fram at «retningslinjer for dispensasjon er, som øvrige retningslinjer, ikke direkte bindende for tiltakshaver, men de er førende for kommunens skjønnsutøvelse ved behandlingen av dispensasjonssakene. Nasjonale og regionale myndigheter er i utgangspunktet ikke bundet av retningslinjene, men de bør gi beskjed ved høring av kommuneplanen om de ser noe i retningslinjene som er i strid med nasjonale og regionale hensyn. Det vil bidra til omforente retningslinjer for dispensasjon og gi tiltakshavere og kommunen mest mulig forutsigbarhet.» Det blir likevel poengtert at sjølv om det er gitt retningslinjer, så er det ikkje automatikk i å få dispensasjon, men at retningslinjene skal kunne forenkle saksbe-



handlinga og søknaden, ved at det er kjent kva kommunen ønskjer av informasjon og kva dei vil vektleggje.

Me har **motsegn** til framstillinga av eksisterande fritidshus som LNF-spreidd, då dette er i strid med pbl § 11-11 nr. 2. Dersom det skal vere føresegner som opnar for tiltak på eksisterande fritidshus i LNF-områda gjennom behandling av enkeltvis søknader, må desse spesifiserast gjennom til dømes lister med matrikelnummer i tråd KDD sin rettleiar. Alternativt må teksten gjerast om til retningsliner for dispensasjonsbehandling, og då må likevel sakene behandlast som dispensasjon i tråd med pbl § 19-2.

§ 15.4 Massedeponi i LNFR-områda

I nr. 2 blir det opna for massefyllingar mindre enn 100 cm i høgda og 25 dekar inngår i LNF-føremålet.

Påfylling av massar kan inngå i LNF-føremålet når dette er naudsynt av omsyn til landbruk. Kva som er naudsynt må likevel avklarast gjennom ei konkret vurdering. I føresegna er det foreslått å opne for at relativt store massefyllingar utan nærare vurdering er å rekne som naudsynt for jordbruk. Fyllingar av ein slik storleik har ikkje noko haldepunkt for å ikkje vere søknadspliktige, og kan kome i konflikt med forskrift om konsekvensutgreiing.

I tillegg til at føresegna tvilsamt er juridisk haldbar (ikkje i tråd med LNF-føremålet), kan fyllingar av ein slik storleik også kome i vesentleg konflikt med omsyn til landskap, naturmangfald, vassdrag samt naboar som følgje av støv og støy. Av desse omsyn fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til føresegna om massedeponi i LNF-områda.

Statsforvaltaren har gjennom vårt tildelingsbrev eit særskild ansvar for kvalitetssikring av føresegner. Innspela under her er kommentarar til enkelte føresegner kor kommunen bør vurdere å endre ordlyd eller presisere innhaldet. Dette er meint som ein styrking av føresegnene som forvaltningsverktøy:

Generelt:

Kommuneplanen inneheld svært mange føresegner som tar for seg forhold som uansett følgjer av lovverket. Planen blir dermed lengre enn nødvendig. Vidare er det svært mange vage føresegner, som ikkje vil vere forpliktande, og som ikkje gjer føresegner føreseielege.

Dei konkrete føresegner med våre merknader i kulepunkt:

§ 2.2 Unntak frå krav om reguleringsplan

Følgande tiltak er unnatekne frå plankravet i § 2.1:

1. Mindre tiltak (jf. pbl. §§ 20-4 og 20-5) knytt til eksisterande bygningar. Tiltak som er fritekne frå reglane for byggesaksbehandling etter forskrift. Innvendige bygningsmessige tiltak og fasadeendring.

- Sjå kulepunkt til § 5.6

2. Erstatning av lovleg oppførte bygg.



- Bør presisere kva storleik erstatningsbygg som kan førast opp utan plan – til dømes ikkje høgare utnytting eller høgde enn eksisterande bygg.

4. Frådeling av næringstomter i regulert næringsområde større enn 10 daa.

- Uklart om 10 daa viser tilbake til storleiken av det regulerte næringsområdet eller storleiken på frådelt tomt som tillatast utan plan.

§ 3.4 Støy

1. Dei til ei kvar tid gjeldande retningsliner for støy (T-1442) er gjeldande for plan- og byggesaker.

- Er dette kun ei opplysning om kva som uansett følgjer av lowerket, eller er det meint som ei føresegn om at retningslinene i T-1442 skal gjelde som rettsleg bindande føresegn?

§ 4.2 Havnivåstiging og stormflo

1. Opphalds-, arbeids- og publikumsrom i nye bygg skal ikkje ha golv lågare enn kote +3,0 meter over havnivå utan at fagkyndig rapport føreligg.

3. Konstruksjonar og installasjonar lågare enn kote +2,0 meter over havet må tåle sjøvatn.

- Gjelder dette i hele kommunen eller berre i strandsona? Kva om det er terreng med betydeleg kotehøgde mellom sjøen og tiltaksstaden?

§ 4.4 Tilrettelegging for rednings- og sløkkemannskap

1. For å sikra tilkome for brannverns- og andre utrykkingskøyretøy, er minste tillatne gate- og vegbreidde 5,0 meter med minst 4,1 meter fri kørehøgde.

- Kravet fremstår som absolutt for alle veier. Gjeld det t.d. også for private vegar som ikkje tener som primær atkomstveg?

§ 5.2.6 Frikjøp

Utomhusplan skal mellom anna innehalda plan for lyssetting, møblering, vegetasjon, overvasshandtering, skiltplan, funksjonar for leik og uteopphald, og tiltak som skjermar for vêr og vind, ferdselsareal og eventuelt brannoppstillingsplass.

- Dette er en gjentakning av førre føresegn (5.2.5), og gjeld ikkje frikjøp. Me er ikkje kjende med innhaldet i eventuelle foreslegne føresegn om frikjøp, og kan ikkje gi uttale til dette. Eventuelle føresegn om frikjøp bør sendast på høyring.

§ 5.5 Bumiljø

4. Minste tillatne storleik på bustad er 45 m² BRA.

- Har kommunen med dette tatt stilling til, og avgjort, at det ikkje er tillat med mikrobustader i Hå kommune, eller er føresegna berre meint å gjelde for tradisjonelle bustader og leilegheiter? Vi viser i denne samanheng til høyringa som gjaldt endringar i lowerket for å forenkle byggesaksbehandling av mikrobustader¹³.

¹³ https://dibk.no/globalassets/horinger/horing-tek/090621_mikrohus/samfunnsokonomisk-utredning_mikrohus.pdf



§ 5.6 Mindre tiltak

I bustadområde er det tillate med mindre tiltak som garasje, carport og uthus med maksimal utnytting inntil 70 m² samla bygd areal (BYA) per eigedom, så lenge tiltaket ikkje strir med tillaten utnyttingsgrad i reguleringsplan eller § 5.1.2

Utnyttingsgrad i byggeområde utan utnyttingsgrad. Slike enkeltbygg er tillatne oppførte med maksimalt 50 m² BYA med følgande tillatne byggehøgder målt frå ferdig gjennomsnittleg terrengnivå rundt bygningen:

- Mønt tak: Gesimshøgd inntil 3,2 meter og mønehøgd inntil 5,2 meter
 - Flatt tak: Gesimshøgd inntil 3,5 meter
 - Pulttak: Høgste gesimshøgd inntil 5,2 meter med nedste gesimshøgd inntil 3,2 meter.
- Er det gjennomtenkt at garasje/uthus med desse høgdene ikkje vil vere unntatt frå plankravet etter § 2.2 nr. 1? (SAK10 § 4-1 a tillate berre inntil gesimshøgde på 3 m og mønehøgde på 4 m).

§ 6.1.3 Parkeringsdekning

- Bør det også oppgis eigen parkeringsdekning for ein bustad med sekundærleilegheit, eller kan eventuelt «Bustad i leilegheitsbygg» omformulerast til å også gjelde for sekundærleilegheiter?»

§ 13.4 Avslutning

11. På utsprengte flater skal det leggest minimum 1,4 meter lausmasser og minimum 0,6 meter matjord som toppdekke. Total lausmassetjukkelse skal ikkje overstiga 5 meter. Det leggest vekt på god landskapstilpassing og planen skal innehalde reglar for tilbakeføring og etterbruk. Det skal vurderast om det skal gjennomførast etappevis tilbakeføring.

- Gjelder det krav om minimum 0,6 m matjord også i område kor det ikkje var matjord før råstoffutvinninga starta, og som uansett ikkje var egna for jordbruk?

§ 18.7 Bevaring naturmiljø (H560)

Gnr. 100 bnr. 1

Før uttak av masse kan tillatast, skal det utarbeidast reguleringsplan for området i tråd med krava i § 4 Råstoffutvinning og handtering av overskotmasse.

- For ei slik føresegn må vel riktig omsynssone vere sone for bandlegging (for regulering etter plan- og bygningsloven), ikkje bevaring naturmiljø.

§ 21 UTBYGGINGSAVTALAR

§ 21.2 Kostnadsfordeling

Hovudprinsipp for kostnadsfordeling ved intern og ekstern infrastruktur:

1. Utbyggar skal stå for og koste all opparbeiding av veg, vatn, avløp, grønstruktur, leike- og friareal o.l. innanfor planområdet etter gjeldande normer for slike anlegg i Hå kommune. Kommunale område eller anlegg skal, når dei er ferdige, overførast vederlagsfritt til kommunen.

2. Der utbygginga er avhengig av gjennomføring av eksterne kommunaltekniske anlegg o.l., t.d. fastlagt i rekkefølgeføresegner, kan utbyggar påleggast å bidra til å finansiere desse, avhengig av i



kor stor grad tiltaket også kjem til nytte for andre framtidige utbyggingar og eksisterande verksemdar.

- At utbyggar skal påkoste all opparbeiding innanfor planområdet samt i nokon tilfelle for eksterne anlegg, kan vere i strid med forholdsmessigheitskrava i pbl. § 17-3 tredje ledd. Kan også i nokon tilfelle vere i strid med nødvendigheitskrava i same føresegn.

Oppsummert har me følgjande motsegner og faglege råd:

Motsegner til arealdelen/arealforslag

- Manglande omsynssone for brann- og eksplosjonsfare
- Varhaug 2 – Tjemslandsmarka sør (NÆ2, FRI3)
- Vigrestad 2 – Vigrestad øst (Vigrestad barnehage og Vigrestad idrettsklubb) (T7, T8, IDR6)
- Stokkelandsmarka 1 – Industriområde Stokkelandsmarka sør (utviding) (NÆ3)
- Sirevåg 1 – Skoga, alternativ 1 og 2 om utviding mot nord og aust (NÆ4, Næ5, V11)
- Sirevåg 2 – Indre vågen (FRI4, FRI5, FTU1, PA1, SF3, H1, SH1, V13, V14, ST1, ST2, P2, NÆ7, NÆ8, V15, KBA4, BSV1, BSV2)
- Hovudkart 3 – Grødalaland næringsområde (BG2, NÆ10)
- Hovudkart 4 Kviamarka næringsområde (utviding) (NÆ11, NÆ12, NÆ13, NÆ14, NÆ15),
- Hovudkart 6 – Aniksdal (RU1)
- Hovudkart 10 – Bru (RU4), Hovudkart 15 – Elgane (BAB1, BAB2)

Faglege råd til arealdelen/arealforslag

- Omsynssone for flaum bør visast i hovudplankartet
- Nærbø 3 – Reime og Lode (B1)
- Nærbø 6 – Nærbø sentrum øst (T1, B2, B4)
- Nærbø 9 – Brannstasjonstomt (Halvmånen) (T5, V17, Adkomstveg-linje)
- Nærbø 10 – Omkøyringsveg og langsiktig grense landbruk Nærbø aust og nord
- Varhaug 1 – Område ved Varhaug skule (B5)
- Varhaug 8 – Reiestadmarka (Føresegnssområde – Reiestadmarka)
- Vigrestad 2 – Vigrestad øst (Vigrestad barnehage og Vigrestad idrettsklubb) (T7, T8, IDR6)
- Hovudkart 3 – Grødalaland næringsområde (BG2, NÆ10)
- Hovudkart 9 – Friestad/Roligheten (RU3)

Motsegner til føresegner og omsynssoner

- Manglande rekkefølgekrav til Nærbø
- § 4.1 Flaum og overvatn
- § 4.2 Havnivåstigning og stormflo
- § 5.1 Utnyttingsgrad
- § 5.2 Uterom – nettverk i tettstadane
- § 9.3 Vindturbinar
- § 12.3 Næringsbygningar
- § 15.3 Fritidsbustad i LNF-områda
- § 15.4 Massedeponi i LNF-områda

Faglege råd til føresegner og omsynssoner

- § 2.2 Unntak frå krav om reguleringsplan
- § 5.1.2 Byggeområde utan utnyttingsgrad
- § 6.1 Parkering



- § 11 Massehandtering
- § 12.2 Offentleg og privat tenesteyting
- § 13.3 – Omfangsavklaringar
- § 15.2 Tiltak på landbrukseigedom

Med helsing

Bent Høie (e.f.)
statsforvalter

Marit Sundsvik Bendixen
fylkesmiljøvernsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Statens vegvesen

Postboks 1010

2605

LILLEHAMMER

Nordre Ål

Norges vassdrags- og energidirektorat

Postboks 5091

0301

Oslo

Majorstuen

Direktoratet for mineralforvaltning med
Bergmesteren for Svalbard

Postboks 3021 Lade

7441

TRONDHEIM

Avinor AS

Postboks 150

2061

GARDERMOEN

Fiskeridirektoratet

Postboks 185

5804

Bergen

sentrum

Bane NOR SF

Postboks 4350

2308

HAMAR

Rogaland fylkeskommune

Postboks 130

4001

Stavanger

Kystverket

pb. 1502

6025

ÅLESUND